


NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uis.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 54 – 2011

Redaksjonen vart slutført 31. januar 2012

Adresser m.m.

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknannelag.no.

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag.

INNHALD

LEIAR	
Olav Veka: Nettpublisering av namnestoff.....	5
NORSK NAMNELAG	
Olav Veka: Besøksstatistikk på hotellet	6
Olav Veka: Landsmøte 2012	7
STADNAMNTENESTA	
Terje Larsen: Samrådsmøtet 2011	7
Botolv Helleland: Omtykt konsulentsekretær sluttar.....	9
Botolv Helleland: Tjue års praktisering av lov om stadnamn – enno eit stykke att	10
Irene Andreassen: Kvensk stedsnavndatabase på nett.....	12
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
Kjell Erik Steinbru: Kommunal praktisering av lov om stadnamn.....	13
Frode Myrheim: Ein siger i ei mørketid	14
Tom O. Halvorsen: Stedsnavna og de nedarva uttalene er en viktig del av kulturarven	15
Revisjonen av stadnamnlova.....	16
NORNA-NYTT	
Styremøte i NORNA, Helsingfors 10. november 2011	16
FN-NYTT	
Botolv Helleland: UNGEGN og GGIM	17
ANNA MELDINGSSTOFF	
Tom Schmidt: Jöran Sahlgrens pris til Margit Harsson.....	19
Gulbrand Alhaug: Namnedugnad under MONS i Tromsø	19
Olav Veka: Trade name of the year is <i>Siri!</i>	21
Kulturnatt i Språkrådet med navnevandring	22
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Marit Hovdenak og Nina Teigland: Bruk av oppkallingsnavn på norske petroleumsfelt.....	22
AKTUELLE NAMNEPROSJEKT	
Ole Kristian Åsgård: Prosjekt gatenavn i Oslo er fullført.....	24
Instruks for kommunal navnsetting i Oslo. Forslag fra Prosjekt gatenavn 7.11.2011	26
Francis Bull Enger: Rapport fra Furnes Historielag	33
Solveig Lindbach Jensen: Nordlandske stadnamn fram frå skapet	34
BOKOMTALAR	
Botolv Helleland: Ny studie frå Thorsten Andersson.....	37
Botolv Helleland: Nytt band av <i>Skånes ortnamn</i>	38
Olav Veka: Stort navneleksikon	39
Vidar Haslum: Antologi om eldre nynorsk språkhistorie	42

Olav Veka: Gamle sanningar for fall?	44
Botolv Helleland: Metodar i namnegranskinga	46
OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER	
Vidar Haslum: Sakral tolkning av bostedsnavn på <i>-lund</i>	48
Vidar Haslum: Personnavn på hver sin side av fjellet	49
Vidar Haslum: Personnavnene i to prestegjeld i Sogn og Fjordane	51
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2010	53

LEIAR

NETTPUBLISERING AV NAMNESTOFF

Torsdag 17. november 2011 stod det ein interessant artikkel i Aftenposten av professor Ottar Hellevik, som seier m.a.: «Et papirtidsskrift oppleves som en anakronisme i en tid der nesten alle laster ned fagartikler de trenger, fra nettet.» At tradisjonelle fagtidsskrift er under press frå det allment tilgjengelege internettet, kan det ikkje rå tvil om, med påfølgjande trong økonomi og fall i tingartal på same tida som tradisjonell publisering og utsending stadig vert dyrare.

Tida er ikkje inne for å gå til det steget å leggja ned papirutgåvene av *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* og gå over til publisering på nettet, men både i styret og dei to redaksjonane har me den seinaste tida diskutert å leggja ut på heimesida eldre nummer og nye nummer etter ei bindingstid på to år. Både i meldingsbladet og fagtidsskriftet vil det verta teke inn på kolofonsida eit slikt vilkår for artikkelskribentar. Ei viss bindingstid før publisering er nødvendig av omsyn til tingarane og dermed medlemstalet i Norsk namnelag.

Det er openberre føremoner med etter kvart å leggja ut *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* på heimesida. Alt no ligg innhaldslistene på nettet slik at brukarar ikkje lenger treng å gå i bokhylla og henta ein bunke og bruka tid på å bla for å finna stoff ein søkjer. Når heile nummer vert lagde ut, kan brukarar også enkelt søkja digitalt etter stadnamn, personnamn eller kva det måtte vera, i staden for ei tidkrevjande og ofte irriterande manuell leiting. Opplysningsverdien av begge tidsskrifta vil auka når ålmenta får lettare tilgang. Alt fyrste avsnittet i vedtektene til Namnelaget handlar om dette:

Norsk namnelag (NNL) har til føremål å vekkje interesse for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osb., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn.

Tidene endrar seg, og Norsk namnelag må følgja med dersom føremålet med organisasjonen skal oppfyllast.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NORSK NAMNELAG

BESØKSSTATISTIKK PÅ HOTELLET

Norsk namnelag er på nettet med eit lite enkeltrom på eit vebshotell med adressa www.norsknamelag.no. Det vil eg tru alle medlemene veit no. Resepsjonen i vebshotellet fører ein detaljert statistikk over alle gjester med mykje interessant informasjon, m.a. kor mange som kikkar innom nettstaden vår, kva dei ser etter, kvar dei bur, osb.

Eg har valt ut den siste månaden for å illustrera trafikken, oktober 2011, med 729 besøk eller «number of visits» som det heiter i den bransjen, rekord for det året, merkeleg nok følgt av juli måned med 640, men det er ikkje store skilnader månadene imellom, alle bortsett frå januar har mellom 500 og 600 slike besøk.

Dersom me ser på tala for «unique visitors» eller fyrstegongsgjester, endrar bildet seg litt med mars på topp med 400, tett følgt av oktober med 346. Både oktober og mars ligg midt i beste arbeidstida både for studentar, elevar og fagfolk, som også lågtala vitnar om med juni og juli heilt på botnen med 199 og 206. Trafikken på nettsidene var klart størst den 5., 6. og 30. oktober utan at eg kan gje noka rimeleg god forklaring på den detaljen.

Ikkje overraskande ligg Noreg på topp som opphavsland med 1487 treff, følgt av USA med 750 og Tyskland med 410, men talet på sider vik av frå denne rangeringa med Tyskland klart på topp med 396 sider, USA på andreplassen med 285 sider, Noreg på tredje med 277 og Nederland på fjerde med 252. Sverige manglar heilt på denne lista, og Danmark ligg på botnen i lag med Romania, men statistikk skal ein som kjent lesa med kritikk. Våre næraste NORNA-venner kan også liggja under statistikktalet for «European country», ein sekk som kanskje har ei datateknisk forklaring, men det talet er også lågt. Andre overraskingar? Ja, Ghana ligg på 7. plassen!

Og kor lenge budde gjestene på hotellet vårt? Skuffande kort, dei fleste sjekka ut før døra bak dei slo att. Av dei 729 var 621 innom frå 0 til 30 sekund! Me får trøysta oss med at over 30 gjester budde der frå ein halv time og lenger.

Stikkord for kva gjestene las når dei omsider hadde sjekka inn, er tidskrift, stadnamn, samisk, skulen og nettstader. Samiske stadnamn, personnamn/førenamn og namnestatistikk ser ut til å liggja på topp, men det er ingen påfallande skilnad emna imellom. Ingen emne byter seg markert ut. Kjekt er det å sjå at artikkelen om dyrenamn/hestenamn som vart lagd ut på ettersomaren, ligg høgt oppe.

Søkjeord og søkjefrasar viser lett blanding med ingen tydeleg toppar. I teten av søkjeord ligg *norsk*, *Norge*, *namn*, *Norwegian*, *names*, og av frasar

kan me nemna «norsk name» og «norsk names». Her er det nok amerikanarar (norsk-?) som er på leit. Den siste som vende seg til Namnelaget etter ein liten visitt på nettsida, var ein amerikanar som gjerne ville vita meir om etternamnet sitt, *Hagland*, av eit gardsnamn i Skåre i Haugesund.

Statistikken er svært detaljert og teknisk. For å seia det litt enkelt, omtrent det einaste som manglar her, er private opplysningar om gjesten! Og godt er det.

Norsk namnelag ligg ute for innsyn i den store verda, det kan det ikkje vera tvil om. Så langt ville me aldri nådd utan denne nettstaden.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

LANDSMØTE 2012

I Norsk namnelag er det landsmøte berre kvart tredje år, det neste vert arrangert hausten 2012. Følg med på nettsidene til laget, www.norsknamelag.no, der det etter kvart vil verta lagt ut innkalling og nærare informasjon om tid og stad. Innkalling og sakliste vil også verta offentleggjorde i neste nummer av *Nytt om namn*.

Olav Veka
leiar

STADNAMNTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET 2011

Det årlege samrådsmøtet for stadnamntenesta i Språkrådet og Statens kartverk vart halde i Bergen 18.–19. oktober. I tillegg var også administrasjonen i Språkrådet og Klagenemnda for stadnamnsaker representerte.

Fyrste dagen byrja med at både stadnamntenesta og Kartverket hadde sine egne interne møte. På møtet for stadnamntenesta vart namn på oljefelt drøfta med utgangspunkt i eit framlegg frå olje- og energiministeren om å bruke namn på historiske personar (memorialnamn) i namn på nye oljefelt. Til no har ein ofte brukt namn frå norrøn mytologi i namnsetjinga, men også namn frå litteratur og eventyr. Eli Ellingsve innleidde og gjorde framlegg om å ta i bruk namn og omgrep frå Barentshavet som ny motivkrins, til dømes topografi, geologi, glasiologi og fangst. Fleire av møtedeltaka-

rane meinte at ein også burde ta i bruk samiske og kvenske namn på oljefelta. Møtet konkluderte med at det blir sendt ei fråsegn til Oljedirektoratet med ei tilråding om kva slags namn stadnamntenesta og Språkrådet meiner ein bør bruka på nye oljefelt.

Andre saker som stod på saklista, var brosjyren om kommunal namnsetjing, som er under utarbeiding, statusrapport om ei undersøking om namnesaksarbeidet i nokre kommunar på Jæren og normeringsproblemet *-vatnet* eller *-vannet* når den tradisjonelle uttalen */-vatne/* er på veg ut.

Direktør i Språkrådet Arnfinn Muruvik Vonen innleidde fellesmøtet med å reflektera over offentleg stadnamnormering som del av ein heilskapleg språkpolitikk med utgangspunkt i stortingsmeldinga *Mål og meining*. Vonen viste til at stadnamn er kulturminne og at ein skal ta omsyn til dette i normeringa. Han understreka vidare at kulturminneaspektet også gjeld stadnamn i munnleg form og stadnamn i norsk teiknspråk.

Lov om stadnamn tok til å gjelda 1. juli 1991, og 2011 var såleis 20-årsjubileum for denne storhendinga i norsk stadnamnsoge. Botolv Helleland såg attende på desse tjue åra og peikte også på utfordringar som stadnamnormeringa står overfor, til dømes at endringane som blir gjorde i regelverket, gjev større makt til grunneigarar og enkeltindivid.

Adressering var eit sentralt tema på møtet, og fleire innlegg hadde sider ved adresseringsarbeidet som emne. Finn Isaksen tok m.a. opp rutinar i samband med adressering i kommunane og spørsmålet om det må reisast namnesak for namn på alle namneobjekt der same namnet er brukt. Isaksen orienterte også om arbeidet med å oppdatere adresserettleiaren.

Den nye matrikkellova opnar for at grunneigarar kan krevja å få bruksnamnet som adressetilleggsnamn dersom namnet er eit nedervt stadnamn. På Romerike i Akershus har ein fått fleire førespurnader om adresse-tilleggsnamn, og Sindre Vaagland og Oddmund Vestenfor gjorde greie for erfaringar som er gjorde, særleg i Nes kommune. I ein del tilfelle har eigarar fått avslag fordi bruksnamnet ikkje har vorte sett på som eit nedervt stadnamn, til dømes namn på bureisingsbruk, og dette har ført til misnøye. Kartverket hadde difor vendt seg til Miljøverndepartementet for å få ei avklaring, og spørsmålet har også vore teke opp som skriftleg spørsmål til miljø- og utviklingsministeren.

Arnt Brakstad frå Meland kommune i Hordaland var invitert for å gjera greie for eit adresseringsprosjekt i kommunen. Arbeidet var gjort i nært samarbeid med Regionrådet Nordhordland IKS då området mellom Nordhordlandsbrua og Sognefjorden blir rekna som eitt felles adresseområde. Røynslene var svært gode, og prosjektet kan tena som modell for adressering i andre område.

Irene Andreassen frå den kvenske stadnamntenesta orienterte om arbeidet med ein database for kvenske stadnamn. Arbeidet var no kome så langt at basen kan gjerast tilgjengeleg på nettet om kort tid. Lisa Monica Aslak-

sen frå den samiske stadnamntenesta tok opp spørsmålet om kva som kan gjerast for at regelen om at ein skal reisa namnesak samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk skal bli etterlevd.

Av andre saker kan nemnast at Arvid Lillethun orienterte om arbeidet med ein nasjonal stadnamnbase. Han tok også opp eit spørsmål som har vore drøfta fleire gonger: Korleis kan ein få betre samordning mellom Sentralt stadnamnregister og dei regionale stadnamndatabasane som finst? Skal ein få dette til, meinte Lillethun at det må søkjast om midlar til eit større prosjekt.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

OMTYKT KONSULENTSEKRETÆR SLUTTAR

Lov om stadnamn vart sett i verk 1. juli 1991, og Terje Larsen vart då tilsett som sekretær for stadnamntenesta for Austlandet og Agder. Ei tilleggsoppgåve for denne stillinga var å vera sekretær for Klagenemnda for stadnamnsaker. Etter vel tjue år som konsulentsekretær, dei siste par åra i redusert stilling, gjekk han 31.12.2011 av for å via seg lærargjeringa fullt og heilt. I tillegg til konsulentarbeidet har Terje vore koordinator for heile stadnamntenesta og hatt ansvar eller medansvar for alle samrådsmøta og andre fellestiltak. Han har òg stått sentralt i arbeidet med evaluering og endring av stadnamnlova og vore den Kulturdepartementet og Språkrådet særleg har drege inn frå stadnamntenesta som rådgjevar. Den 20. desember skipa Språkrådet til ei samkome for å takka «sjefssekretæren» for den mangeårige innsatsen.

Frå 1. januar 2012 er Ingvil Nordland tilsett i stillinga etter Terje. Ho fullførde mastergraden i 2009 med ei oppgåve om klagesaker i samband med skrivemåten av stadnamn. Ingvil har barselpermisjon fram til august, og i fråværet hennar er Line Lysaker Heinesen engasjert som vikar.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

TJUE ÅRS PRAKTISERING AV LOV OM STADNAMN – ENNO EIT STYKKE ATT

Innlegg på samrådsmøtet 2011, Bergen 18.–19. oktober

1900-talet fram til 1961 var ei god tid for stadnamnormering. Det vart utferda og sett i verk fleire føresegner med gode reglar for skrivemåten av stadnamn, den siste var Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957. Enno var ikkje folk flest særleg opptekne av dei namneformene som namnekonsulentane tilrådde og Noregs geografiske oppmåling sette i verk, sjølv om ein god del enkeltnamn valda strid, som når *Kolbotn* i 1920, etter framlegg frå Oskar Braaten, vart vedteke som stasjonsnamn i tevling med former som *Kullebunn(en)* og *Kølabånn*.

Men så byrja ein del ressurssterke grunneigarar i Akershus og Østfold til å røra på seg, som *Oust* på øya Ost i Bærum. Dei reiste sak mot staten i 1959, men i Byretten fekk dei ikkje medhald. Saka vart anka til Høgsterett, og ved ein dom i 1961 kom retten til at staten ikkje hadde rett til å fastsetja skrivemåten av namna på ein del eigedomar i Akershus og Østfold imot eigaren sin vilje av di dette kom i konflikt med skylddelingslova. Heller ikkje delingslova av 1978 greidde å byggja bru over den prinsipielle kløfta mellom eigedomsretten og samfunnet sin rett – eller plikt – til å forvalta stadnamna som rettskrivingsobjekt og kulturarv.

I 1979 vart Stadnamnutvalet oppnemnt, og det leverte si tilråding til Kulturdepartementet i 1983, til dåverande statsråd Lars Roar Langslet. Ein proposisjon med ukjend føring vart påbyrja, men ved regjeringsskiftet i 1986 tok Hallvard Bakke over, og så endeleg på slutten av 1980-åra vart ein stortingsproposisjon ferdig, med føremål og innhald som langt på veg fylgde opp tilrådingane til Stadnamnutvalet. Den 18. mai 1990 vart lov om stadnamn nr. 11 vedteken, mot røystene til Framstegspartiet.

Departementet, i samråd med fagmiljøet, gjekk straks i gang med å utferda føresegner, og dei kom på plass året etter. Lova vart sett i verk 1. juli 1991, altså for tjue år og nokre månader sidan. Datoen for stadnamnlova opplevde eg som ei stadfesting av nasjonaldagen og ei stadfesting av at Stortinget vedgjekk det ansvaret nasjonen har for å varveitsla den kulturarven stadnamn representerer. Dette vart vidareført ved lovrevisjonen 2005, m.a. ved at uttrykket «nedervd uttale» faktisk vart halde oppe, trass i at departementet hadde føreslege «lokal uttale» som normeringsgrunnlag.

Men lova makta ikkje å byggja bru over dei innebygde motsetnadene mellom den faglege namnerøkta og dei interessene grunneigarane og til dels lokalsamfunnet stod for, noko som sannsynlegvis vil vera umogeleg sidan offentleg regulering og individuell fridom alltid i større eller mindre grad vil dra i ulike retningar. Difor har løysinga vorte som Ole Brumm: Ja, takk, båe delar. Men den delen som har fått størst tilslutnad, er faktisk den andre sida, dvs. grunneigarinteressene.

Dette vart demonstrert i uventa grad då fyrst ein samrøystes familie- og kulturkomité hausten 2008 kunne samla seg om eit privat lovframlegg om at bruksnamn ikkje kunne fastsetjast mot grunneigaren sin vilje (ein er altså attende til stoda etter høgsterettsdomen 1961). Endå sterkare kom dei rådande haldningane fram då eit samla storting i januar 2009 slutta seg til eit vedtak om å be departementet om å endra paragraf 6 i stadnamnlova.

At dette var nokre månader før eit nytt stortingsval, tek ikkje bort tendensen i det alarmerande vedtaket. Når, og om, departementet kjem på banen med høyringsutkast og seinare proposisjon, vil det verta ei yttarst vanskeleg sak å handtera – på den eine sida ein klår vilje i Stortinget, og på den andre Språkrådet, stadnamntenesta og ei rekkje andre medspelarar som er ansvarlege for røktning av norsk språk og som ser stadnamna som ein overbygning av landet si historie, og der skrivemåten byggjer på dei same hovudprinsippa som vart lagde til grunn på 1800-talet.

Eg skreiv ein gong at stadnamnormering er ein balansegang mellom uttale, etymologi og rettskriving. Balansegangen har for lengst fått ei fjerde line, nemleg politikk, konkretisert i kommunale og rikspolitiske føringar. Dette må Språkrådet og stadnamntenesta og Kartverket leva med. Men ein kan ikkje sitja passiv av den grunn – det er eit stort informasjonspotensiale å byggja på – Språkrådet skulle kanskje ta eit ekstra tak på dette feltet og fortelja om kva eit stadnamn er, kva opphav det har, og læra folk om tilhøvet mellom etternamn og stadnamn.

Utfordringane i dag knyter seg altså i stor grad til motsetninga stadnamn – slektsnamn/etternamn, men òg til at bruksnamna får lokal bruksfunksjon der dei same namna er gardsnamn. Gardsnamna er i prinsippet unnateke eigaravgjerd. Men det ligg ein hund gravlagd i Kartverket og stadnamnkonsulenten si historie. Det er Økonomisk kartverk, og vel også sjøkarta. Då dette skulle utarbeidast, vart lokale namnekomitear sette i arbeid, og berre i enkelte område vart det drege inn namnefagleg kompetanse. Det skulle få uante fylgjer.

Då lov om stadnamn vart sett i verk, vart ØK-namn sette på line med Norge 1:50 000 og gjevne status godkjent. Ein tenkte vel at vedtaksprosessen skulle gå greitt, slik at ein gradvis skulle få vedteke éin skrivemåte når fleire godkjende former var i bruk. Over 100 000 namn har fått vedteke éin skrivemåte. Dei siste par åra har arbeidet med adressenamn vore prioritert, og dermed har SSR fått ein god del nye innføringar. Samstundes har problemet med rett form av primærnamn kome til uttrykk – korleis vedta eit adressenamn når primærnamnet er godkjent i ei uheldig form, men ikkje godkjent.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

KVENSK STEDSNAVNDATABASE PÅ NETT

En database med kvenske stedsnavn og mange samiske og norske parallellnavn er nå tilgjengelig på nettadressen www.kvenskestedsnavn.no. Databasen redigeres og oppdateres av Kvensk stedsnavntjeneste – Paikannimipalvelus. Støtte til arbeidet er gitt av Språkrådet, Vadsø museum – Ruija kvenmuseum og Norsk kulturråd. Databasen vil etter hvert få nærmere 10 000 navneartikler. Til nå er knapt 10 prosent av navna ferdigredigert.

Sentralt stedsnavnregister (SSR) er Norges nasjonale register for skrivemåten av stedsnavn i offentlig bruk. Registeret har i dag mellom 4000 og 5000 treff på kvenske stedsnavn. Antall kvenske stedsnavn med vedtatte skrivemåter etter lov om stadnamn er i 2011 ca. 1150. SSR er en viktig kilde for databasen. En annen svært viktig kilde er de mange tusen navna som finske studenter og forskere samla inn mellom 1970- og 1990-tallet. Originalmaterialet er i Namnarkivet i Forskningscentralen för de inhemska språken i Helsingfors. Forskningscentralen har gitt tillatelse til å bruke navnematerialet i databasen i den formen navneartiklene nå har. Også andre, mindre navnesamlinger innlemmes i databasen.

Det har vært nødvendig å kvalitetssikre en del av navnematerialet når det gjelder dagens navnebruk og nyere kart, og det har vært nødvendig å oversette tekster fra finsk og kvensk til norsk for å gjøre stoffet tilgjengelig også for dem som ikke leser finsk og/eller kvensk.

Navn i denne databasen har ulik status når det gjelder skrivemåten. Noen navn har vedtatt skrivemåte etter lov om stadnamn, andre har status «godkjent», dvs. de kan brukes av Statens kartverk i kartproduksjonen, men de har ikke fått behandle skrivemåten etter lov om stadnamn. Atter andre navn, f.eks. gamle slåttensnavn, blir det kanskje aldri reist navnesak for. Slike navn er ofte ikke lenger i aktiv bruk, men de er viktige kulturminner som synliggjøres i denne databasen.

Databasen vil forhåpentligvis fungere som en kilde for alle som har interesse for stedsnavn, særlig de kvenske. Mer spesifikt er det også ønskelig at databasen blir til nytte for elever, studenter, lærere og forskere.

Det er til sammen femten mulige informasjonsfelt for hver stedsnavn-artikkel. Artiklene i denne databasen er oppbygd etter følgende struktur: oppslagsform, uttale, bøyningsform, kommune, kartreferanse, lokalitetstype, terrengord, leddanalyse, tradisjon, kvensk parallellnavn, norsk parallellnavn, samisk parallellnavn, navnegruppe, litteratur, anna.

Irene Andreassen
Seniorrådgiver
Kvensk stedsnavntjeneste – Paikannimipalvelus
irene.andreassen@hifm.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

KOMMUNAL PRAKTISERING AV LOV OM STADNAMN

Noko om korleis lov om stadnamn er etterlevd i dei åtte jærkommunane. Eit utdrag frå ein prosjektrapport.

Styret i Språkrådet vedtok 22. februar 2011 å setja i gang eit mindre prosjekt om korleis lov om stadnamn blir etterlevd i nokre kommunar. Prosjektet vart avgrensa til å gjelda dei åtte jærkommunane, Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sola, Sandnes, Stavanger og Time. Det vart lagt mest vekt på kommunane sitt arbeid med adressenamn.

Når ein kommune har gjort eit vegnamnvedtak, har han plikt til å melda vedtaket inn til Sentralt stadnamnregister (SSR). I prosjektet kom det fram at ingen av dei åtte kommunane har meldt inn så mykje som halvparten av dei adressenamnformene dei har fastsett i den siste tiårsperioden. Fire av kommunane har ikkje meldt inn nokon av dei (i alt kring 300) namneformene dei har vedteke desse åra.

Når kommunane skal setja namn på vegar og gater, er dei plikta til å leggja sakene fram for stadnamntenesta før dei gjer endelege vedtak. Det syner seg at tri av dei åtte jærkommunane ikkje rådførte seg med stadnamntenesta i ei einaste av dei adressenamnsakene dei behandla i perioden mellom 1. juli 2001 og 1. juli 2011. Ingen av dei åtte kommunane la absolutt alle dei føreslegne namneformene fram for konsulentane.

Gjennomsnittleg nær ein tiandedel av sakene som vart sende til stadnamntenesta, enda med fastsetjing av skrivemåtar som var frårådde av namnekonsulentane. Prosjektrapporten syner elles at prosentane med *utilrådelege* former blant dei *ikkje*-framlagde namneformene gjennomgåande er monaleg større enn den nemnde tiandedelen.

Ein del av kommunane har eigne retningslinjer for behandling av ulike typar stadnamnsaker. Desse vart presenterte og kommenterte heilt kort i prosjektrapporten. Prosjektet hadde ei råme på eitt månadsverk og vart gjennomført av Kjell Erik Steinbru i stadnamntenesta på Vestlandet. Rapporten vart ferdigskriven i desember i fjor.

Kjell Erik Steinbru
kjell.steinbru@nor.uib.no

EIN SIGER I EI MØRKETID

I mørketida «lov om stadnamn» stend i no, kan det høve med ei gladmelding frå dei djupe skogane i aust, nemleg Aurskog-Høland herad. Eg har no arbeidd som sogeskrivar i Aurskog-Høland herad sidan hausten 2008 og har til no skrivt eitt band med gards- og ættesoge for Høland og Setskog, nemleg band 6, fyrste luten (bandet tek for seg den sørlege delen av Kirkefjerdingsgen). Eg er den fjerde forfattaren og den tredje skrivande, ettersom den fyrste, Odd Ottesen, aldri fekk sett noko på prent. I dei fem banda som tidlegare er prenta, er namnenormeringa og tankar kring skrivning av stadnamn nokso fråverande, slik det, diverre, ofte er hos sogeskrivarar. Sidan arbeidet tok til i siste del av 1980-åra, har bygdebokforfattaren samarbeidd med ei bygdeboknemnd på seks medlemmer. Oppgåva åt denne nemnda var å koma med faglege innspel, lesa korrektur og anna hjelp. Den fyrste skrivande forfattaren, Gunn Løwe, seier i innleiinga til det fyrste bandet (s. 14) at det er «den offisielle trykte matrikkelen» som ligg til grunn for skrivemåten av gardsnamna, utan at ho seier noko om kva for ein matrikkel ho meiner. Vidare seier ho at plassnamn som ikkje er i bruk lenger, skal skrivast slik den fyrste forfattaren kom fram til i sitt arbeid. Noko meir blir ikkje sagt om skrivemåten av stadnamn i denne bygdeboka eller dei fire neste banda.

Etter ei tid kom det klart fram at eg og bygdeboknemnda ikkje var samde om hossen gardsnamna skulle normerast. Ingen i nemnda såg ut til å ha høyrte om lov om stadnamn (det bør vera ein tankekross), da eg la ho fram på eit møte i nemnda. For å gjøra ei lang sak stutt meinte eg at gardsnamna burde skrivast i tråd med stadnamnlova. Argumenta for dette er mange (sjå nedanfor), men ikkje minst må ein ha køyrereglar i ei gards- og ættesoge. Ein bygdebokforfattar kan ikkje la seg påverke av kva enkelte grunneigarar skulle meine om skrivemåten av gardsnamn. Som bygdebokforfattar må ein tidleg meisle ut ein stødig kurs for hossen gardsnamna i boka skal skrivast, og det beste er som regel at dei blir skrivne i tråd med offisiell normering.

Det var serskilt to gardsnamn striden stod om, nemleg *Brautmet* og *Hjellebøl*. Her var det grunneigarane med støtte frå bygdeboknemnda som ville ha namna skrivne som *Brøtmet* og *Gjellebøl*. Eg argumenterte med at namna burde skrivast slik namna var normerte hos Statens kartverk – *Brautmet* og *Hjellebøl*, ettersom desse formene tek omsyn både til etymologi, nedervd uttale og allmenne rettskrivingsreglar i norsk. Mot dette hadde ikkje grunneigarane og nemnda anna å koma med enn at grunneigars syn måtte koma i fyrste hand. Arnfinn Wennemo, forfattar av band 3 (medforfattar), 4 og 5, argumenterte òg ut frå ein slik ståstad. Ettersom dette var eit fagleg spørsmål for meg som bygdebokforfattar, ville eg ikkje vike, og saka gjekk i fjor vår åt formannskapet (2010). Kultursjefen og rådmannen stod på mi side, og den 23. august kom saka opp i formannskapet. Før det

hadde vi hatt eit møte i formannskapet der partane hadde lagt fram sine argument. Eg fortalde her at eg ikkje kom til å vike ein tomme i denne saka, og at om ikkje politikarane gjekk inn for å skrive gardsnamna etter offisiell normering, ville det ikkje koma nokor bok i det heile. På denne tida var manuset til band 6, fyrste del, klart for trykk, og om det vart utsett no, ville boka ikkje bli ferdig prenta åt jul. Politikarane tok til vettet, og mitt syn vart samrøystes vedteki. Dermed var det slegi fast at bygdeboka i Aurskog-Høland herad heretter skal følgje Statens karverks normering av stadnamn og dermed òg lov om stadnamn.

Denne striden, der ein på den eine sida har ei bygdeboknemnd og/eller grunneigarar og på hi sida ein sogemann, er ikkje noko nytt, men derimot vil eg tru at utfallet er heller uvanleg. Eg vonar difor at dette kan vera noko som varmar i vetterkulda.

Frode Myrheim
frodmyr@gmail.com

**STEDSNAVNA OG DE NEDARVA UTTALENE ER
EN VIKTIG DEL AV KULTURARVEN**
Kunngjøring fra Romerike Historielag til Kulturdepartementet

Stedsnavna våre, slik de er nedarva gjennom muntlig bruk, er svært gamle som kulturminner, og de har i kraft av dette og det at de er immaterielle krav på spesielt vern. Det er på bakgrunn av dette en må se lov om stadnamn (1991, revidert 2006). Det er den nedarva uttalen som viser de lange linjene i språkhistoria vår, og ikke tilfeldige skriftformer fra 1500-tallet og framover. Stedsnavna er opphavet til svært mange slektsnavn her i landet, og det er grunnleggende at det skilles klart mellom skrivemåte av stedsnavn og slektsnavn.

Det er viktig å påpeke at stedsnavna er en del av vår felles kulturarv, og ikke den enkelte grunneiers eiendom; slektsnavn er derimot private. Skrivemåten av stedsnavn må bygge på hovedprinsippa, slik de er utforma i lov om stadnamn: etymologi (ordhistorie), generelle rettskrivingsregler i norsk og ikke minst nedarva uttale. Normering og fornorsking av stedsnavna her i landet går helt tilbake til 1830-åra, og navna blei kraftig fornorska i 1886-matrikkelen ved navnegranskeren Oluf Rygh. Fornorskingsarbeidet har vedvart helt fram til i dag, men dessverre har det aldri blitt sluttført, og fortsatt er det mange skriftformer på kart og skilt som strider mot lov om stadnamn.

Skrivemåten av stedsnavn er i vår tid viktigere enn noen gang. Skriftformer fra 1500-tallet og framover har hatt høgere status enn nedarva uttale-

former. Dette faktum og det at mange i dag er innflyttere, og følgelig ikke kjenner til nedarva uttale, har ført til at de nedarva uttalene i dag er på vikende front.

Romerike Historielag vil derfor på det sterkeste fraråde ei endring av lov om stadnamn, der grunneier vil ha vetorett – ei lovendring som legger opp til skrivemåter fra dansketida som *Aas*, *Moe*, *Lie* og *Wiig*.

Romerike Historielag
Tom O. Halvorsen

REVISJONEN AV STADNAMNLOVA

Kulturdepartementet melder at eit utkast til endring av bruksnamnparagrafen i lov om stadnamn vert sendt ut til høyring i fyrste kvartal 2012.

BH

NORNA-NYTT

STYREMØTE I NORNA, HELSINGFORS 10. NOVEMBER 2011

Av det utsende referatet frå det siste styremøtet i NORNA, Helsingfors 10. november 2011, har redaksjonen i *Nytt om namn* klipt fylgjande:

NORNA-rapporter

Rapporten frå det 39. NORNA-symposiumet i Halden 11.–13. mai 2011, *Etymologiens plass i navneforskningen*, er no utgjeven med støtte frå Ort-namnssällskapet i Uppsala og Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur (sjå melding annan stad i dette nummeret av *Nytt om namn*). Rapporten frå NORNAs 40. symposium, *Binamn – oppkomst, bildning, terminologi och bruk*, vert gjeven ut i vår. Redigeringa av rapporten frå NORNAs 41. symposium, *Navne i kystkulturen*, i Tórshavn 2.–4. juni 2011 er i gang. Og så er det planar om å publisera ein rapport frå NORNAs 42. symposium, *Namn i staden*, som vart halde i Helsingfors 10.–12. november 2011.

Nordisk namneforskarkongress 6.–9. juni 2012

Danmark er arrangør for den 15. nordiske namneforskarkongressen som skal haldast på Askov Højskole 6.–9. juni 2012. Det er så langt påmeldt

over femti deltakarar, førti med føredrag. Det er ikkje plass til fleire føredrag, men det er framleis mogeleg å melda seg på som deltakar. Kontakt Michael Lerche Nielsen. På kongressen vil dessutan prosjektet «Personnamnterminologi» verta presentert.

Generalforsamling 2012

Framlegg om emne som skal drøftast på generalforsamlinga, er eventuell omorganisering til medlemsforeining med medlemsavgift og vedtaksending med tanke på full medlemsstatus for Grønland. Framlegg til ny § 2 (endingane er markerte med feit skrift):

«Kommittén har **sju** ordinarie medlemmar, en från vartdera Danmark, Finland, Färöarna, **Grønland**, Island, Norge och Sverige, samt en suppleant för varje medlem.»

Vidare står det om dette framlegget m.a.: «Fra dansk side vil man foreslå at grønlanderne kan være midlertidige danske medlemmer inntil videre. Det er især relevant hvis godkjenningen av vedtektsendingene vil strekke seg over to kongresser, jf. vedtektenes §5, referert ovenfor.»

Me viser elles til heimesida åt NORNA, der ein kan lasta ned nyhende-brev med informasjon om bokutgjevingar og andre nyhende.

Red.

FN-NYTT

UNGEGN OG GGIM

Historisk bakgrunn

Den fyrste FN-konferansen om geografiske namn (stadnamn) vart halden i Genève i 1967, og i åra fram til den andre konferansen i London i 1972 vart grunnlaget lagt for å skipa ei ekspertgruppe under FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC). Gruppa fekk namnet United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN, sjå <http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN/default.html>). Føremålet med FNs arbeid med geografiske namn er å fremja namnerøkt nasjonalt og internasjonalt og å hjelpa til med å setja opp funksjonelle rutinar og formidla kunnskap om tekniske hjelperåder, særleg i utviklingsland. Ikkje minst viktig er organiseringa av normeringsorgan. Konferansane vert haldne femte kvart år og UNGEGN-sesjonane anna kvart år. Den neste konferansen skal haldast i New York sommaren 2012. Noreg har som dei andre nordiske landa vore representert

på dei fleste konferansane og UNGEGN-møta frå starten. Underskrivne har vore med som norsk representant sidan 1987.

Samansetjing

UNGEGN er organisert i 23 divisjonar på grunnlag av språklege og geografiske tilhøve. Noreg er saman med dei andre nordiske landa med i Norden Division. Vidare er visse sentrale arbeidsoppgåver lagde til arbeidsgrupper (*Working Groups*), for tida til saman ti. Ei av dei er arbeidsgruppa for evaluering og implementering (*Evaluation and Implementation*). Underskrivne har vore med i denne gruppa som referent (*rapporteur*) sidan 1999. I tillegg til desse ti arbeidsgruppene er arbeidet konsentrert om to program, det eine for Afrika (*Task Team for Africa*), og det andre for utarbeiding og oppdatering av retningslinjer for namn på nasjonale kartseriar (*Toponymic Guidelines*). Den norske versjonen av Toponymic Guidelines finn ein på heimesida til Statens kartverk (www.statkart.no/Toponymic+Guidelines.9UFRrM5Y.ips).

GGIM

Eit nytt FN-initiativ vart teke i 2010 med skipinga av ein paraplyorganisasjon med namnet Global Geospatial Information Management (GGIM, sjå <http://ggim.un.org>), på norsk noko slikt som Globalt geografisk-romleg informasjonshandtering. Dette programmet har som mål å spela ei leiande rolle i å møta utfordringane verdssamfunnet står overfor. Det skal òg vera eit forum for samarbeid mellom medlemslanda. Det fyrste forumet på høgt nivå vart halde i Seoul, Korea, 24.–28. oktober 2011. Mellom føredrags-haldarane var Olav Østensen frå Statens kartverk.

Evalueringsgruppa i sammøte med GGIM

Arbeidsgruppa for evaluering og implementering hadde valt å halda møte parallelt med GGIM-forumet, m.a. for å gje deltakarane høve til å verta kjende med UNGEGN. I den samanhengen arrangerte gruppa ei utstilling og stod for fleire lunsj-arrangement som friviljuge tilbod. Underskrivne heldt to korte presentasjonar, den eine om stadnamn som kulturarv, den andre om dei språklege sidene ved stadnamnormering i Noreg.

Framover

Dei viktigaste emna for møtet i evalueringsgruppa var førebuinga av FN-konferansen i New York 2012. I den samanhengen vart eit evaluerings-skjema frå UNGEGN-sesjonen i Wien i mai 2011 gjennomgått, og på det grunnlaget vart ein del forbetringar føreslegne. Også utviklinga i Afrika vart drøft med tanke på nye initiativ. Her vart det understreka at fleire utviklingsland berre kunne delta om det vart stilt midlar til rådvelde anten frå FN sentralt eller frå meir velstående land. Noreg har såleis gjeve støtte til

fleire afrikanske deltakarar dei seinaste åra. Når det gjeld arbeidet framover, så diskuterte gruppa rekrutteringsproblemet. Ei rekkje sentrale personar innanfor UNGEGN går mot pensjonsalderen og kjem til å trekkja seg etter 2012. Eit problem frå ein språkleg ståstad er at stendig færre med namnefagleg bakgrunn deltek, noko som til dels heng saman med at namnegransking ser ut til å tapa terreng i høve til folk med bakgrunn i geografiske og kartografiske miljø.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ANNA MELDINGSSTOFF

JÖRAN SAHLGRENS PRIS TIL MARGIT HARSSON

Førsteamanuensis Margit Harsson ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, er blitt tildelt en ærespris fra Jöran Sahlgrens prisfond for sine viktige bidrag til norsk navneforskning. Prisen på 70 000 svenske kroner ble utdelt ved en seremoni i Rikssalen på Uppsala slott 6. november 2011. I begrunnelsen framhevet preses i Kungliga Gustav Adolfs Akademien, professor emeritus Lennart Elmevik, Margits siste bok, storverket *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Margit har ellers skrevet en rekke artikler om stedsnavn og har utgitt fire bøker i serien *Bustadnavn i Østfold*.

Tom Schmidt
tom.schmidt@iln.uio.no

NAMNEDUGNAD UNDER MONS I TROMSØ

MONS nr. 14 vart arrangert i Tromsø 24.–26. november 2011 (MONS = Møte om norsk språk). Også ved nokre tidligare møte av denne typen har det vorti arrangert namnedugnad. Denne gongen var det Ole-Jørgen Johannessen som ivra for at vi namnefolka burde ha vår eigen dugnad. Han hadde sjølv meldt seg på med innlegg på dugnaden, men dessverre viste det seg at han ikkje fekk høve til å ta turen frå Bergen til Tromsø. Det var stor interesse for denne dugnaden blant namnefolk her i Tromsø, og det var til saman ti frå namnemiljøet vårt som meldte seg på med innlegg (åtte om personnamn og to om stadnamn). I god tid før MONS vart det også sendt melding om dugnaden til dei som er oppført på den elektroniske lista over

namneforskarar i Noreg, men dette utspelet førte ikkje til at fleire meldte seg på med dugnadsinnlegg.

Det var til saman tre dugnader under MONS, og namnedugnaden starta kl. 14 den 25. november og varte til ca. kl. 17.30. Dagen før måtte to av dei ti som skulle ha innlegg, melde forfall, og dermed vart det åtte innlegg under dugnaden (eitt om stadnamn og sju om personnamn). Tematisk hadde mange av innlegga om personnamna eit fleirkulturelt perspektiv. Anna-Riitta Lindgren gjorde greie for kvenske, samiske og norske personnamn i Reisadalen i Nord-Troms, mens Gunnar Thorvaldsen hadde eit internasjonalt perspektiv i innlegget sitt da han samanlikna namnemateriale frå slutten av 1800-talet i land rundt det nordlige Atlanterhavet (hovudsaklig Noreg, Sverige, Island, Storbritannia, USA og Canada). Det tverrkulturelle perspektivet kom også fram i innlegget til Guro Reisæter, som tok for seg offisielle og uoffisielle namn som er i bruk blant thailandske innvandrarar i Tromsø. Forskjellar mellom fornamn i kystkulturen og innlandskulturen er eit emne som det er forska lite på i Noreg, og Dag Rørbakk viste i innlegget sitt at det fins ein del forskjellar mellom fornamna i Lofoten (Buksnes) og Indre Troms (Målselv og Bardu). Han brukte folketeljingsmateriale frå 1800-talet.

Det er heller ikkje forska mye på oppkallingsskikkar i Noreg, og i innlegget sitt dokumenterte Hanne Merethe Boberg Nymoen at det heilt fram til i dag har vori ein kreativ oppkallingsskikk i Vesterålen. Undersøkningsområdet hennes var bygdesamfunnet i Eidsfjorden. Ho hadde mange døme på ulike typar av oppkalling, og når det gjeld bokstavoppkalling, kan dette illustreras med *Sigrid Elvine Peggy*: *Elvine* var oppkalling etter naboen *Eivind*, og *Peggy* etter ein annan nabo *Paul*. Nymoen kunne på grunnlag av intervjumaterialet sitt påvise ein så høg oppkallingsprosent som 91 prosent – mot berre 11 prosent som Emilia Aldrin har registrert i doktoravhandlingen si (2011) med materiale frå Göteborg. Spesielt interessant var det at Nymoen også kunne gi døme på den gamle skikken med at ei kvinne kunne kalle opp barnet etter ein person som hadde vist seg i drømme for henne under svangerskapet.

Den nordiske namnerennesansen har i liten grad vori forska på i eit sosiologisk perspektiv, og Lars Eirik Dahlberg kunne legga fram klare resultat etter ei omfattande undersøking der han bl.a. brukte folketeljingsmateriale frå Kristiania frå siste halvdel av 1800-talet. Mye av teorigrunlaget for undersøkinga hans var henta frå den franske kultursosiologen Pierre Bourdieu. I innlegget sitt gjorde Gulbrand Alhaug greie for nylaging av toledda namn frå tidlig på 1800-talet og fram til i dag, t.d. *Audgunn* og *Aldor*. Han kunne påvise ein sterk auke i talet på nylaga namn fram til hundreårsskiftet rundt 1900. Deretter gjekk det sakte og sikkert tilbake med kreativiteten, og etter 1960 er det laga svært få nye toledda namn.

Det skulle egentlig ha vori to innlegg om stadnamn, men pga. forfall vart Aud-Kirsti Pedersen den einaste innafor stadnamndelen av dugnaden. Ho hadde eit engasjert innlegg om haldningar til offisiell bruk av stadnamn i Noreg. Dette er eit tema som engasjerer både lek og lærd – jf. diskusjonen om skrivemåten av gardsnamn, t.d. dei som ivrar for danskprega skrivemåtar – jf. *Hveem* på Toten. Slike skrivemåtar fekk ikkje støtte under diskusjonen.

I tillegg til dei åtte som hadde innlegg, stilte også ein del andre MONS-deltakarar opp på namnedugnaden. Også dei engasjerte seg i diskusjonen etter innlegga. Det var elles eit interessant trekk ved dugnaden at fire av dei åtte som hadde innlegg (Dahlberg, Nymoen, Reisæter og Rørbakk), har skrivi hovudoppgåve/masteroppgåve om fornamn i løpet av dei siste åra, og i innlegga sine tok dei bl.a. opp emne som dei hadde vori inne på i oppgåvene sine.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@uit.no

TRADE NAME OF THE YEAR IS *SIRI*!

Det amerikanske namnelaget, The American Name Society, vel kvart år ut namn som har vore i mediefokus, i fem kategoriar. Interessant for oss nordmenn er at i kategorien merkenamn vart kvinnenamnet *Siri* plukka ut i 2011, ei omlaging av firmanamnet SRI International, som er eit selskap som har medverka til å utvikla teknologien i Apples iPhone. I grunngevinga heiter det at personnamnet *Siri* gjev den kvinnelege robotstemma eit feminint preg og kan få brukarane til å tru at det er ei verkeleg kvinne som talar til dei! Robotdama er i godt selskap med 8263 Siri i Noreg, 7676 i Sverige, 654 i Danmark, men berre 4 på Island! Namnet kan ha anna opphav, men vert oppfatta av dei fleste som nordisk. I ein kommentar på internettet til Apples namneval heiter det at «In the English-speaking world, though, Siri has been virtually unheard of».

Årets namn i 2011 vart «Arab Spring» eller *den arabiske våren* på norsk, med bakgrunn i folkeopprør og krav om meir demokrati i dei arabiske landa Tunisia, Egypt, Syria og Bahrain. Årets stadnamn vart *Fokushima* i Japan etter tsunamien og den radioaktive strålinga frå det øydelagde atomkraftverket. I tilknytning til den arabiske våren vart namnet på den falne diktatoren i Libya, *Gaddafi* (Muammar al-*Gaddafi* med variantar i skrivemåte), valt som Årets personnamn. Og til sist, igjen eit namn med nordisk preg som Årets litterære namn, *Lisbeth Salander*, heltinna i Stieg Larssons krimbøker og filmatiseringa som går verda rundt.

Tidlegare Årets namn har vore *Eyafjallajökull* (2010), *Salish Sea* (2009) og *Barack Hussein Obama* (2008). Det er ikkje vanskeleg å forstå bakgrunnen for vala i 2010 og 2008, men kva med 2009? Det overlèt me til lesaren.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

KULTURNATT I SPRÅKRÅDET MED NAVNEVANDRING

Ett av Språkrådets bidrag til Oslos kulturnatt fredag 16. september 2011 var en navnevandring fra Bislett til St. Hanshaugen. Navneforsker Botolv Helleland fikk med seg nærmere 70 interesserte på navnevandring i klart høstvær. Vandringen begynte ved Bislett stadion (sannsynligvis av *Bi-så-litt*, en gammel løkke der det trolig har ligget et bevertningssted) og fortsatte via Markus kirke og Knud Knudsens plass til St. Hanshaugen. Underveis fikk tilhørerne blant annet vite at *Dalsbergstien* verken har noe med *dal* eller *berg* å gjøre, men er oppkalt etter snekkermester Dauelsberg, og at det finnes ulike tolkninger av navn som *Ullevål* og *Oslo*. På toppen av St. Hanshaugen ble foredraget avsluttet med et større overblikk over Oslo med øyene og de ulike bydelene. (Fra *Språknytt* 4/2011)

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

BRUK AV OPPKALLINGSNAVN PÅ NORSKE PETROLEUMSFELT

Personnavn som oppkallingsnavn (memorialnavn)

Oljedirektoratet ønsker en språkfaglig vurdering av bruk av personnavn i navnsettinga. Memorialnavn (oppkallingsnavn) er et vanlig fenomen både i Norge og internasjonalt. Med memorialnavn menes her praksisen med å hedre eller minne en person ved å kalle opp et geografisk sted etter vedkommende. I Norge er dette særlig utbredt ved offisiell navnsetting av gater og veier i urbane strøk.

Navn på nålevende personer bør ikke brukes i offisiell navnsetting

Det er et vanlig prinsipp for offisiell navnsetting at en skal unngå å bruke navn på nålevende personer i stedsnavn. Dette har sammenheng med den særlige prestisjen som de aktuelle personene vil få gjennom en slik oppkalling. Et slikt prinsipp er i samsvar med anbefalingene i en FN-resolusjon

vedtatt av United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN) på en konferanse i Berlin i 2002 (VIII/2 *Commemorative naming practices for geographical features*). Resolusjonen sier ikke noe om hvor lang tid det bør gå fra en person er død, til det er aktuelt å ta i bruk vedkommendes navn i offisiell navnsetting, men nasjonale myndigheter oppfordres til å angi dette i nasjonale retningslinjer. Statens kartverk anbefaler i sin *Adresseveileder* (Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkelloven) at det helst bør gå minst fem–ti år fra en person er død, til vedkommendes navn kan brukes i navnsetting av adresseparseller (veier og gater).

Memorialnavn som offisielle navn på oljefunn og oljefelt?

Olje- og energiminister Ola Borten Moe har uttalt at han ønsker å åpne for memorialnavn når store oljefunn og oljefelt skal navnesettes. Statsråden har blant annet foreslått å kalle opp det såkalte Skrugardfunnet i Barentshavet etter politikeren Johan Sverdrup (1816–1892).

FNs anbefalinger om ikke å bruke navn på nålevende personer i offisiell navnsetting bør naturligvis også gjelde for navn på oljefunn og oljefelt. Språkrådet ønsker videre å *fraråde* å innføre memorialnavn som en ny navngivingskategori for oljefelt navn. En viktig grunn til dette er at det er vanskelig å avgjøre hvem som har gjort seg fortjent til en slik oppkalling. Ofte vil bakgrunnen for oppkallinga være politisk motivert, noe vi mener er uheldig for denne navnetypen. I offisiell navnsetting ellers er det dessuten vanlig at det er en viss tilknytning mellom navneobjektet og vedkommende som kalles opp. Dette er vanskelig å følge opp dersom utgangspunktet er at en gjennom navnsettinga ønsker å hedre betydningsfulle nordmenn. Det er heller ikke til å komme bort fra at en gjennom oppkalling knytter en person til et navneobjekt. Dersom et oljefelt f.eks. får negativ omtale i mediene, eller det skjer en ulykke på stedet, vil vedkommende som oljefeltet er oppkalt etter, kunne assosieres med dette på samme måte som f.eks. Alexander L. Kielland assosieres med den tragiske ulykken da plattformen som var oppkalt etter forfatteren, veltet, og 123 av de 212 om bord omkom.

Felt navn bør ikke være for lange. Memorialnavn blir lett nokså lange, og hvis en sløyfer fornavnet og bruker f.eks. *Sverdrupfeltet*, vil det være vanskelig å identifisere hvilken Sverdrup det er snakk om. Ved siden av Johan Sverdrup har vi jo f.eks. Georg Sverdrup, som var filolog og politiker, og polfareren Otto Sverdrup.

Navn på store og betydningsfulle funn og felt

Ettersom Språkrådet fraråder å bruke memorialnavn, har vi blitt bedt om å gi en uttalelse om hvilke andre navn som kan egne seg på store og betydningsfulle funn og felt. Statsråden har signalisert at han for slike felt ønsker navn med særlig sterk symboleffekt.

I større grad enn andre nye stedsnavn har oljefelt navn som avviker fra tradisjonell norsk navnelaging. Oljefelta representerer en helt ny type navneobjekter, og det har en også villet markere gjennom navnsettinga. Språkrådet har således forståelse for statsrådets ønske om symboltunge navn på oljefelt.

En stor del av de eksisterende oljefeltnavna har bakgrunn fra sagalitteraturen, vikingtida og norrøn mytologi. Navna framstår som mytiske og stolte, uten at de er politisk ladet. Språkrådet ønsker derfor å framheve at det er mye materiale både fra norrøn mytologi og ikke minst fra sagalitteraturen som kan utnyttes i navngivinga, og at disse navna egner seg godt også som navn på store og betyngningsfulle oljefelt. Også navn fra andre motivkretser kan egne seg, også om vi utvider til nye grupper som vær, klima, topografi o.l.

Marit Hovdenak
marit.hovdenak@sprakradet.no
Nina Teigland
nina.teigland@sprakradet.no

AKTUELLE NAMNEPROSJEKT

PROSJEKT GATENAVN I OSLO ER FULLFØRT

Siden begynnelsen av 2008 har en kommunalt oppnevnt gruppe arbeidet for å bedre stedsnavnutfordringene i Oslo. Og utfordringer var det nok av.

Dårlig oversikt

I 2008 var situasjonen i Oslo slik:

- Det ble brukt fire forskjellige kilder for skrivemåter av stedsnavn: Plan- og bygningsetatens register, Samferdselsetatens blåbok, byrådsavdelingenes register og SSR (Statens kartverks sentrale stedsnavnregister). Ved en undersøkelse ble det påvist uoverensstemmelser i skrivemåter av vel 10 prosent av stedsnavnene i registrene; det vil si at over 300 stedsnavn var skrevet forskjellig i minst to av registrene.
- Ingen hadde ansvaret for å føre et autorativt og korrekt gatenavnregister.
- Det var svært mange skrivefeil på gatenavn-/stednavnskilt. «Instruks for navnsetting av gater, veier, plasser med videre i Oslo» var mangelfull; blant annet formidlet instruksjonen svært lite av sentrale lovbestemmelser. Myndigheten til å vedta nye stedsnavn lå i femten bydelsutvalg og i byrådet, det vil si i seksten vedtaksorganer. Det er ikke vanskelig å forstå at dette ga både dårlig oversikt og dårlig styring.

Prosjekt gatenavn, prosjektgruppe

I januar 2008 etablerte kommunaldirektøren ved Byrådslederens kontor Prosjekt gatenavn. Den oppnevnte prosjektgruppens mål var blant annet å utarbeide forslag til nye retningslinjer for navnsetting av gater, veier og plasser i Oslo. Prosjektgruppen ble ledet fra Byrådslederens kontor og hadde medlemmer fra kommunen, Språkrådet og Stedsnavntjenesten. En slik bredt sammensatt gruppe var nødvendig for å fange opp både det formelle og det erfaringsrelaterte som var nødvendig for en slik instruks. Arbeidet ble omtalt i media. Dette førte til at gruppen også fikk gledelig mange innspill fra både publikum og fagpersoner.

Kompleks sak

Prosjektgruppen merket fort at de jobbet med en kompleks sak. Det utfordrende var blant annet å sy elementer sammen til en effektiv helhet. Med effektiv mener jeg at en ny instruks både bør være så komplett at den ikke åpner for unødvendig feil under saksbehandling og vedtak, og at den skal være enkel å jobbe med.

Spredt vedtaksmyndighet

En av de store utfordringene var at myndigheten var fordelt på seksten vedtaksorganer: femten bydelsutvalg og byrådet. Bydelene har ansvaret for navnsetting i egne bydeler mens byrådet har ansvaret i de områdene av byen som ikke dekkes av noen bydel, det vil si Sentrum og Marka. Det viste seg at kombinasjonen av en dårlig instruks for navnsetting og liten erfaring i navnsettingssaker hadde ført til mange formelle saksbehandlings- og vedtaksfeil. Det er et faktum at mange bydeler behandler få navnesaker. Det vil si at de har liten erfaring med slike saker. Når instruksene de skal forholde seg til, er mangelfull, så prosjektgruppen det som særdeles viktig å levere fra seg en instruks som kan kvalitetssikre saksbehandlingen og vedtakene. Et alternativ som gruppen har vurdert, er at all vedtaksmyndighet bør flyttes til byrådet. En slik sentralisering vil sannsynligvis gi økt kvalitet under hele saksbehandlingen. Lokaldemokratiet sikres ved at bydelene har forslags- og uttalerett. En sentral saksbehandling vil dessuten sikre en mer helhetlig vurdering av navnesaker. Men dette er et politisk spørsmål. Prosjektgruppen har derfor valgt å legge gjeldende delegerte vedtaksmyndighet inn i utkastet til ny instruks. Så vil den politiske behandlingen av saken avgjøre hva resultatet blir.

Gatenavnregister

Prosjektgruppen så det som viktig å få plassert ansvaret for å føre et autoritativt og korrekt gatenavnregister. Det var derfor gledelig at byrådet 31. mai 2011 vedtok at Plan- og bygningsetaten skal ha ansvaret for å føre og vedlikeholde et gatenavnregister for Oslo. Det er ganske innlysende at et

korrekt gatenavnregister er nødvendig for at kart-, programvare- og skiltprodusenter skal kunne levere korrekte produkter. Det er fortsatt en del arbeid som må gjøres i Plan- og bygningsetaten før alle rutiner for registret er klart, men vedtaket var viktig å få på plass.

Instruks for kommunal navnsetting i Oslo

Prosjektgruppen hadde 7. november 2011 sitt siste møte. Gruppen leverte da fra seg utkastet til «Instruks for kommunal navnsetting i Oslo». Utkastet bygger på sentrale dokumenter som «lov om eighedsregistrering», «forskrift om eighedsregistrering», «lov om stadnamn» og «forskrift om skrivemåten av stadnamn». I utkastet finner vi avsnitt om blant annet forslagsrett, vedtaksmyndighet, valg av navn, skrivemåte, saksbehandling samt sletting og endring av tidligere navnsettingsvedtak. Gjennom utkastet prøver prosjektgruppen å oppfylle intensjonen om å gi et godt og oversiktlig grunnlag for korrekte vedtak i navnesaker.

Utkast

Det prosjektgruppen har lagt fram, er kun et utkast som hverken er administrativt eller politisk behandlet. En eventuell ny instruks for kommunal navnsetting i Oslo vil derfor kunne se annerledes ut.

Utkast for alle

Utkastet til «Instruks for kommunal navnsetting i Oslo» bygger i hovedsak på sentrale og generelle bestemmelser. Hvis vi ser bort fra avsnittene om vedtaksmyndighet og noen enkeltavsnitt om saksbehandling, kan utkastet lett tilpasses andre kommuner. Arbeidet i Prosjekt gatenavn har vist hvor tidkrevende arbeidet med en slik instruks kan være. Derfor bør kommuner som ønsker det, vurdere om de kan nyttiggjøre seg arbeidet som er gjort i Oslo.

Ole Kristian Åsgård

ok.aa@online.no

tidligere leder for Prosjekt gatenavn i Oslo

INSTRUKS FOR KOMMUNAL NAVNSETTING I OSLO

Forslag fra Prosjekt gatenavn 7.11.2011

1 Virkeområde og formål

Denne instruksen gjelder vedtak og vedtaksmyndighet for navn på kommunale navneobjekter. Med kommunale navneobjekter menes gater, veier, plasser, tunneler, bruer, løkker, parker, torg, bygninger, utbyggings-

områder, boområder, bydeler og andre steder hvor Oslo kommune har navnssettingsmyndighet. Dette gjelder også navneobjekter der vedtak tidligere er fattet av andre, men der Oslo kommune nå er vedtaksmyndighet. Eksempler på dette kan være bruer og tunneler som tidligere var del av riksvei, men som nå er omklassifisert til kommunal vei.

Instruksen gjelder også sletting og endring av tidligere navnssettingsvedtak.

Instruksen gjelder ikke for bruer og tunneler som er del av riksvei.

Instruksen har til formål å sikre en god og enhetlig praksis ved navnevalg og skrivemåte.

2 Lovhjemmel

Denne instruksen er gitt med hjemmel i

- lov om eigedomsregistrering (LOV-2005-06-17-101), § 21, hvor det blant annet fremgår at kommunen fastsetter offisiell adresse, samt at kommunen kan fastsette utfyllende lokale forskrifter
- forskrift om eiendomsregistrering (i instruksen kalt matrikkelforskriften) (FOR-2009-06-26-864), kap. 12
- lov om stadnamn (i instruksen kalt stedsnavnloven) (LOV-1990-05-18 med senere endringer) som gir regler for fastsetting av skrivemåten av stedsnavn i offentlig bruk
- forskrift om skrivemåten av stadnamn (FOR-2007-06-01-592) med senere endringer

De deler av disse lovene med forskrifter som ikke er omtalt i denne instruksjonen, gjelder også for navnsetting av kommunale navneobjekter.

For øvrig vises det til veiledningen *Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkellova* utarbeidet av Statens kartverk.

3 Forslagsrett

Alle har rett til å foreslå navn på kommunale navneobjekter i Oslo. Forslagene skal sendes til det organet som har vedtaksmyndighet, se punkt 4.

4 Vedtaksmyndighet

Byrådet

er vedtaksmyndighet og fastsetter navn og skrivemåte i de områdene som ikke dekkes av noen bydel, dvs. Oslo sentrum og Marka. Vedtaksmyndigheten omfatter kommunale navneobjekter, inkludert

- skoler
- riksveier, men ikke bruer og tunneler som er del av riksvei, se punkt 1
- tunneler og bruer som er del av en kommunal vei eller gate

Byrådet er vedtaksmyndighet og fastsetter navn og skrivemåte ved endring av tidligere navnssettingsvedtak, se punkt 7.

Byrådet er vedtaksmyndighet når tidligere navnssettingsvedtak skal slettes, se punkt 7.

Om høringsuttalelser, se punkt 8a.

Bydelsutvalgene

er vedtaksmyndighet og fastsetter navn og skrivemåte i egen bydel. Vedtaksmyndigheten omfatter kommunale navneobjekter, inkludert

- skoler
- riksveier, men ikke bruer og tunneler som er del av riksvei, se punkt 1
- tunneler og bruer som er del av en kommunal vei eller gate

Dersom en gate eller en vei passerer en bydelsgrense, ligger vedtaksmyndigheten i den bydelen der gata eller veien begynner.

Dersom en tunnel eller en bru ligger på grensen mellom to bydeler, fastsettes navnet av bydelen der tunnelen eller brua begynner.

Bydelsutvalgene har ikke vedtaksmyndighet ved endring av tidligere kommunale navnssettingsvedtak, se punkt 7.

Om høringsuttalelser, se punkt 8a.

Virksomhetslederne

er vedtaksmyndighet og fastsetter navn og skrivemåte for tjenestesteder under egen virksomhet. Tjenestesteder er enheter under virksomhetsnivå, f.eks. barnehager og sykehjem. Vedtaksmyndigheten gjelder ikke skoler.

Ved tvil om vedtaksmyndighet

skal spørsmålet legges frem for byrådet til avgjørelse.

5 Valg av navn

Stedsnavn representerer viktige språklige og kulturelle verdier. De er en del av det lokale miljøet og den lokale historien, og er med på å styrke folks følelse av å høre til på et sted. Når nye navn skal vedtas, må en ha i tankene at de skal bli stående i generasjoner fremover. Følgende prinsipper for navngiving legges til grunn:

a) Navn med tilknytning til stedet

Navnet bør ha tilknytning til eller passe på stedet.

Navnet kan uttrykke ett eller flere særtrekk ved navneobjektet eller det tilgrensende området. Ved siden av vanlige etterledd som *gate*, *vei* og *plass* kan en bruke andre etterledd som passer på stedet, f.eks. *allé*, *aveny*, *bakke*, *berg*, *brekke*, *bryn*, *bråte*, *dal*, *drag*, *eng*, *far*, *fløtt*, *gang*, *grend*, *grense*, *hage*, *haug*, *helling*, *høgd/høyde*, *kam*, *kleiv*, *kneik*, *knekk*,

kolle, krok, leir, li, lund, løkke, park, rabbe, skog, skrent, slette, slyng, snar, sti, strand, strede, stubb, sving, terrasse, topp, torg, trapp, trekk, tripp, vang, via, voll, ås. Slike ord kan også brukes usammensatt, som *Kneika* og *Hellinga*.

Som hovedregel bør det framgå av navnet hvilken type objekt som er navnsatt, f.eks. *vei, gate, plass, torg, bru*. En vei bør derfor ikke navnsattes *Stålverket*, men f.eks. *Stålverksveien*.

b) Kategorinavn

Hvis en velger å bruke kategorinavn, dvs. navn innenfor en viss betydningsgruppe, bør de avspeile lokale forhold. Betydningsgrupper kan være arbeidsliv, kulturliv, historie og dyre- og planteliv i området.

Kategorinavn innenfor samme betydningsgruppe bør ligge i samme område.

c) Personnavn

Personnavn i stedsnavn kan brukes når personen er norsk statsborger og har spilt en vesentlig samfunnsrolle for Oslo eller Norge.

Navn på personer som er i live, skal ikke benyttes i stedsnavn i Oslo. Det bør gå minst fem til ti år fra en person er død til navnet eventuelt kan brukes som del av et stedsnavn.

d) Produkt- eller firmanavn

Produkt- eller firmanavn bør som hovedregel ikke brukes som del av stedsnavn. Unntak kan likevel gjøres dersom navnet tradisjonelt har vært knyttet til stedet.

e) Navn som kan forveksles

Navn som kan forveksles med eksisterende navn i Oslo og i tilstøtende områder i nabokommunene, bør unngås.

Navn med samme forledd, f.eks. *Frydenbergbakken* og *Frydenbergveien*, bør begrenses. Slike navn bør eventuelt lokaliseres nær hverandre.

6 Skrivemåte

Stedsnavn i offentlig bruk skal skrives i samsvar med reglene i stedsnavnloven. Som hovedregel skal en følge gjeldende rettskrivning. Når et eksisterende stedsnavn inngår i et nytt stedsnavn, beholder det sin fastsatte skrivemåte.

a) Personnavn

Personnavn skrives som hovedregel slik vedkommende selv skrev navnet. Ved oppkalling etter historiske personer skal Språkrådets liste over historiske navn følges. Eksempel: Kongenavnet *Håkon/Haakon* skrives *Håkon* før *Haakon* 7.

Monarkers plass i kongerekken markeres med arabertall.

Titler skal ikke brukes i navn på monarker, men kan tas med i navn etter andre kongelige personer.

b) Bestemt eller ubestemt form

Navn på gater, veier, plasser osv. som er oppkalt etter personer, bør som hovedregel skrives i ubestemt form med personnavnet i genitiv, f.eks. *Karl Johans gate* og *Uelands gate*. For- og etterledd skal skrives hver for seg. Dersom personnavnet slutter på *s*, *x* eller *z*, brukes ikke genitivs-*s*, men apostrof, f.eks. *Elias Blix' gate* og *Herman Foss' gate*.

Navn på gater, veier, plasser osv. som ikke er oppkalt etter personer, bør som hovedregel skrives i ett ord og i bestemt form, f.eks. *Arendalsgata*, *Rådhusplassen*, *Storgata*, *Sofienbergparken*, *Stjerneveien*.

c) Stor eller liten forbokstav

Egennavn, og dermed også stedsnavn, skal alltid skrives med stor forbokstav. Når navnet består av flere ledd, skal bare det første leddet ha stor bokstav når resten av navnet er et fellesnavn i ubestemt form: *Victoria terrasse*, *Nedre gate* (men *Nedregata* når navnet samskrives).

Når et navn består av flere egennavn, f.eks. fornavn og etternavn, skal hvert egennavn ha stor forbokstav: *Henrik Ibsens gate*, *Sophus Bugges plass*.

Dersom et egennavn blir brukt med et presiserende tillegg i et nytt navn, skal begge leddene ha stor forbokstav: *Øvre Myrhaugen*, *Nedre Slottsgate* og *Øvre Skjoldvei*, der «øvre» og «nedre» er presiserende tillegg.

d) Sammensetningsmåte

Dersom forleddet i navnet er et annet stedsnavn i bestemt form, sløyfes vanligvis den bestemte artikkelen i sammensetningen: *Simensbråten*, men *Simensbråteveien*, *Holmlia*, men *Holmliveien*, *Vålerenga*, men *Vålerengtunnelen*. I sammensatte navn skal skrivereglene for bruk av binde-*s* og binde-*e* følges. Eksempler: *Kudalsveien*, *Munkelia*.

e) Aksenttegn

I ord som *allé* brukes akutt aksent i ubestemt form, men ikke i bestemt form: *Madserud allé*, men *Harbitzalleen*.

f) Navn med mer enn 22 tegn

For alle navn med mer enn 22 tegn må det i tillegg til selve stedsnavnet vedtas en forkortelse for navnet med maksimalt 22 tegn, jf. § 51 første ledd i matrikkelforskriften. Forkortelse for *gate/gata*, *vei/veien* og *plass/plassen* er *g.*, *v.* og *pl.* Dersom forkortelser med *g.*, *v.*, eller *pl.* gir 23

tegn, kan punktum etter *g*, *v* og *pl* sløyfes for å unngå ytterligere forkortelser.

7 Sletting og endring av tidligere navnsetningsvedtak

Byrådet har vedtaksmyndighet ved sletting eller endring av tidligere navnsetningsvedtak. Denne myndigheten gjelder for hele Oslo, også for bydelene.

Sletting

Sletting av tidligere navnsetningsvedtak kan bare foretas der det navnsatte stedet ikke lenger eksisterer på grunn av

- omregulering
- endret bebyggelse

Endring

Endring av tidligere navnsetningsvedtak kan bare foretas der eksisterende navn eller skrivemåte innebærer betydelig ulempe. Med betydelig ulempe menes

- at endringer i veinettet eller i bygningsmessige forhold deler en gate eller vei på en måte som kan føre til problemer for utrykningskjøretøyer eller annen ferdsel
- at navnelikhet utgjør stor fare for forveksling

Endring av språkform regnes som navneendring.

Ved endring av tidligere navnsetningsvedtak har byrådet vedtaksmyndighet ved fastsetting av både navn og skrivemåte.

Ved endring av tidligere navnsetningsvedtak gjelder bestemmelsene om saksbehandling for navnesaker, se punkt 8.

8 Saksbehandling for navnesaker

Arbeidet med navnsetting bør komme i gang så tidlig som mulig, helst i reguleringsfasen. Innkomne forslag behandles og forberedes av det organet som har vedtaksmyndighet i den aktuelle saken, se punkt 4.

I navnesaker i Oslo sentrum og Marka, det vil si de områdene som ikke omfattes av en bydel, er byrådet vedtaksorgan. Disse sakene behandles og forberedes av den byrådsavdelingen som har ansvaret for Plan- og bygningsetaten.

a) Høring

Før det gjøres vedtak om navn og skrivemåte, skal vedtaksorganet

- sende saken på høring slik det fremgår av § 6 i stedsnavnloven. Lokale organisasjoner, f.eks. historielag, velforeninger og språkorganisasjoner, skal gis anledning til å uttale seg. Dersom bydelen

eller området vedtaket gjelder for, ikke har eget historielag, sendes saken på høring til Fellesrådet for historielag i Oslo.

- sende navneforslaget med innkomne høringsuttalelser til Språkrådets stedsnavntjeneste (Stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene), som skal gi tilråding om skrivemåten.
- sende saken til Plan- og bygningsetaten for å kontrollere om navnet allerede er i bruk eller lett kan forveksles med allerede eksisterende navn.

b) Vedtak

Navnevedtaket skal inneholde

- navn på navneobjektet
- ev. forkortelse, se punkt 6 f
- vedtaksdato
- vedtaksmyndighet
- vedtaksreferanse (saksnummer)
- begrunnelse for vedtaket med opplysninger om historikk knyttet til navnet og navneobjektet
- detaljert beskrivelse av navneobjektets beliggenhet og utstrekning; gater og veier skal beskrives med start- og sluttsted mens plasser og parker skal angis med f.eks. gater og veier som omgir navneobjektet
- kartutsnitt hvor hele navneobjektets forløp er markert og der øvrige navneobjekter som veier, gater, bygninger osv. i området er markert på kartet

I nye utbyggingsområder skal gjeldende regulering i området tas inn i vedtaket.

Ved endring av eksisterende navn skal vedtaket i tillegg inneholde

- endringshistorikk
- begrunnelse for at endringsvedtaket er nødvendig, jf. punkt 7

For navnesaker der byrådet er vedtaksorgan, legger den byrådsavdelingen som har ansvaret for Plan- og bygningsetaten, saken frem for byrådet for vedtak.

c) Kunngjøring og klageordning

Vedtaket i navnesaker skal kunngjøres i relevante lokale medier og på kommunens nettsted.

Vedtaket om skrivemåten av stedsnavn kan etter stedsnavnloven påklages. Kunngjøringen av vedtaket skal derfor inneholde opplysninger om klagerett, klagefrist, fremgangsmåte ved klage, rett til å se saksdokumentene og om anledning til å søke om at vedtaket ikke blir iverksatt før etter at klagefristen er ute eller klagen avgjort.

De som har klagerett, er offentlige organer som skal bruke navnet i tjenesten, og lokale organisasjoner med særlig tilknytning til navnet, jf. §

10 i stedsnavnloven. Offentlige organer som skal bruke navnet i tjenesten, kan være Statens kartverk, Statens vegvesen, Jernbaneverket og Posten Norge AS. Klagen skal begrunnes og sendes til vedtaksorganet. Dersom klageren ikke får medhold etter ny vurdering, skal saken sendes til Klagenemnda for stedsnavnsaker.

Klagefristen er tre uker fra den dagen vedtaket ble kunngjort første gang.

d) Hvem vedtaket sendes til

Vedtaksorganet sender vedtaket til

- Byrådsavdelingen som har ansvaret for Plan- og bygningsetaten

Byrådsavdelingen som har ansvaret for Plan- og bygningsetaten, sender vedtaket til

- Plan- og bygningsetaten
- etaten som har skiltansvaret
- Oslo brann- og redningsetat
- Oslo universitetssykehus (AMK-sentralen)
- Oslo politidistrikt (Trafikkseksjonen)

Plan- og bygningsetaten sender vedtaket til

- Sentralt stedsnavnregister (SSR)

9 Oslo kommunes navnerregister

Plan- og bygningsetaten har ansvaret for drift og vedlikehold av Oslo kommunes sentrale gatenavnregister. Dette er vedtatt av byrådet i sak 1041/11.

10 Endring av instruksen

Byrådet har myndighet til å vedta endringer i denne instruksen. Endring av vedtaksmyndighet må vedtas av bystyret.

11 Ikrafttredelse

Denne instruksen erstatter *Instruks om navnsetting av gater, veier, plasser mv. i Oslo*, vedtatt av Oslo bystyre i sak 488/2000, og trer i kraft fra det tidspunktet byrådet bestemmer.

RAPPORT FRA FURNES HISTORIELAG

I Furnes Historielag arbeider vi fortsatt med registreringen av lokale stedsnavn i bygda vår. Arbeidet har vært mer omfattende enn vi i starten hadde beregnet. Vi har derfor vært nødt til å endre framdriftsplanen. Målsettingen nå er å bli ferdig til våren 2012.

I historielaget er det tidligere registrerte navn på mange eiendommer, og vi trodde at vi kunne bruke dette i arbeidet vårt. Det viste seg at bare en del av navnene var plottet inn på kart. Derfor er det nødvendig å oppsøke mange grunneiere i bygda. På enkelte eiendommer har grunneier av ulike årsaker lite kunnskap. Der må vi spørre eldre personer i nabolaget. Dette tar tid. Særlig i tettbebyggelsen i Brumunddals-området er det et krevende arbeid.

Vi håper vi skal få gjort et godt og grundig arbeid som kan bli til god nytte for forskere og andre interesserte. Kanskje det viktigste er å få bevart denne kulturskatten for kommende generasjoner.

Jeg vil også nevne at noen svært dialektinteresserte personer knyttet til historielaget i tre år har samlet inn ord og uttrykk på furnesmål. Anders Gjørslie har stått i spissen for dette arbeidet. Resultatet er blitt ei bok som er blitt mye mer enn bare ei ordbok som Furnes Historielag nå har gitt ut: *Hykkjilspåk og dekastikke. Dialektord og uttrykk frå Furnes* (utg. 2011). Lokalt har boka fått god omtale. Kanskje kan boka være av interesse også for folk utenfor lokalmiljøet.

Francis Bull Enger
leder

NORDLANDSKE STADNAMN FRAM FRÅ SKAPET

*Namn førtell korleis de tenkte,
kor de kunne li og lengte,
spinne drømma, avle tross.
Namn av gråten, namn av vona,
Namn av farga, sus og tona
ifrå elvefall og foss.*

Slik formidlar poeten og namnegranskaren Helge Stangnes korleis stadnamn kunne få opphavet sitt. I diktet «Minnets merkesteina» frå den siste diktsamlinga si, *Vintersang* (2011), held han fram:

*Hadde knausen rette svongen,
Såg man likskap med fasongen
på en skolt, ei dov, et kne.
Humoren og fantasien
avla namn med rette vrien.
Meininga var lett å se.*


Stadnamnprosjektet i Nordland verka i ein tjueårsperiode frå midt på 1980-talet med å samle stadnamn i Nordland og informasjon knytt til dei. Det var

Finn Myrvang som dreiv dette arbeidet, og då han vart pensjonist i 2004, lét han etter seg ei samling med vel 180 000 namn frå heile fylket. Samlinga er digital og inneheld mykje informasjon av geografisk, språkleg og historisk art, men namna manglar eksakt kartfesting.

Arkiv i Nordland har grunna på korleis ein kunne gjere informasjonen om stadnamna tilgjengeleg for publikum. Med utviklinga av internett og stadig betre kartpresentasjonar på nettet, finn vi at det er den rette presentasjonsforma. Men det krevst ein betydeleg innsats for å gjere det omfattande materialet klart til publisering.

Med støtte frå Norsk kulturråd og mange kommunar i Nordland har vi no skaffa finansiering av arbeidet med å koordinatfeste namna. Firmaet Solvang og Fredheim Gudbrandsdalen AS er engasjert til å gjere denne jobben, og vi reknar med at målet er nådd i løpet av 2012.

I mellomtida arbeider vi med ei god publiseringsløyning. Valet er falt på Nordlandsatlasen. Det er ein nettstad, utvikla i samarbeid mellom Fylkesmannen i Nordland og Nordland fylkeskommune, som formidlar såkalla geodata, informasjon der geografisk posisjon er eit vesentleg element. På Nordlandsatlasen finn vi informasjon om offentleg planverk på alle nivå (kommuneplanar mv.), administrative grenser, biologisk mangfald, relevant statistikk og kulturinformasjon – og vonleg informasjon om nordlandske stadnamn i løpet av våren 2012.



Dette kartutsnittet frå Røst viser korleis stadnamna vil bli presenterte på Nordlandsatlasen.

I samarbeid med Statens kartverk vil vi også knytte ei interaktiv teneste til nettstaden. Her kan publikum legge inn kommentarar til materialet, og det vil også bli høve til å legge inn ny informasjon. Sjølv med 180 000 namn er det mykje som manglar, og med Finn Myrvang som fagleg konsulent ser vi fram til nye fangstar med verdfulle stadnamn frå Nordland når materialet frå Stadnamprosjektet er publisert.

For utan ein aktiv innsats for å samle og bevare namna så går dei tapt. Helge Stangnes ser det slik:

*Namn e arvegods som tapes.
Når ei anna livsform skapes,
glømmes ord av mange slag.
Namn som sjølv livet krevde
der et folk i armod levde,
sakne bruksverdi i dag.*

*Men en lærdom står ved lag:
Kunnskaps vekt kan lett vint bæres.
Veit du namnan der du færnes,
saknes ikkje følgefolk.
Du går aldri heilt åleina.
Namn e minnets merkesteina,
vardefeste, landskapstolk.*

(Med løyve frå forfattaren)

Solveig Lindbach Jensen,
Arkiv i Nordland
solveig.jensen@nfk.no

*Denne artikkelen er tidlegare publisert på heimesida åt Arkiv i Nordland,
www.arkivinordland.no.*

BOKOMTALAR

NY STUDIE FRÅ THORSTEN ANDERSSON

Thorsten Andersson. *Vad och vade. Svensk slåtter-, rågångs- och arealterminologi.* (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 110.) Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur, Uppsala 2010. 163 sider.

I denne boka har Thorsten Andersson teke for seg termene *vad* og *vade* som er nytta om slåtter, grensegangar og andre avgrensa areal i det gamle svenske bondesamfunnet. I føreordet seier forfattaren at han hadde byrja på dette prosjektet alt i sin tidlege forskarkarriere, men at andre oppgåver og engasjement gjorde at han fyrst i seinare år kunne ta seg tid til å fullføra studien. Det er då òg prisverdig at denne produktive forskaren i ein alder av godt over åtti år (f. 1929) har lagt endå eit verdfullt verk til si lange liste av publikasjonar.

Boka har to avdelingar. I den fyrste drøfter forfattaren *vad* og *vade* som nemning for «rågång vid slåtter», dvs. å gå opp stigar eller grenser mellom dei ulike engene (skifta). Det er altså tale om lagingar til verbet *vada*, norrønt *vaða* ‘vassa’, jf. norrønt *vað* ‘vadestad’, men i ei tyding som visst nok ikkje er heimla i Noreg. I denne delen vert materialet undersøkt som nemning for slåtter historisk og dialektalt. Den andre avdelinga tek for seg det gammalsvenske *vapi* m. og det moderne *vade* analysert i sine ulike tydingar. Forfattaren påviser ei rekkje ulike funksjonar i det gamle målet, m.a. om gardsområde, byområde, klosterområde og einskilde enger. Siste delen tek for seg gsv. *vapi* som stadnamnelement. Ut frå ei grunntyding ‘grensegang ved slåtter’ har ordet fått ei meir allmenn tyding ‘område innanfor ein grensegang’, ‘avgrensa område’.

Boka er tileigna kona, Margarete, som har vore – «också ur denna aspekt» – ei god fagleg støtte med sine inngåande kunnskapar om mellomalderlege handskrifter.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NYTT BAND AV SKÅNES ORTNAMN

Skånes ortnamn. Serie A. Bebyggelsenamn. Del 6. Gärds härad. Red. av Berit Sandnes. Institutet för språk och folkminnen, Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund, Lund 2010. 261 sider.

Utgjevinga av *Skånes ortnamn* går sin gang. I rekkja *Bebyggelsenamn* er band 6 utkome, og det gjeld Gärds härad. Det er visseleg fyrste gongen at ein nordmann har vore utgjevar av eit band i dei svenske bustadnamnseriane. Berit Sandnes vedgår i føreordet at ho har hatt god hjelp til å få sving på svensken, men etter atskillige år i Lund har ho vorte fortruleg både med språket og stadnamna. Gärds härad ligg i det nordaustlege Skåne i den noverande Kristianstads kommun og femner om atten sokner. Under kvar sokn er namnematerialet oppført i alfabetisk rekkjefylgje. Utgangspunktet er jordebokseininga, eller namnet som knyter seg til denne eininga, og under kvar eining er namn på «hemmansdelar, torp och lägenheter» i det aktuelle området ordna alfabetisk (s. 16). Etter oppslagsforma er uttalen notert i landsmålsalfabetet. Utgjevaren seier at det er eit selektivt utval av belegg, men eldste belegg og eldste originalbelegg er alltid med. Grunnlagsmaterialet er i stor grad tilgjengeleg elektronisk.

I den instruktive innleiinga finn ein desse og andre opplysningar om korleis verket er redigert, i hovudsak etter same mønster som tidlegare band. Etter at det er gjort greie for utval og disposisjon og eldre verdisetjing av namneobjekta, får me eit oversyn over landskapet og namna og litt om førkristne namnetypar. Dei eldste bustadnamntypane er dei som endar på *-løv*, *-hem*, *-by* og *-stad*, som kvar er kort omtala. Mellomaldernamna er m.a. dei som endar på *-torp/-arp*, *-rød*, *-hult*, *-rum* og *-boda*. Også namn som er typiske for 16–1700-talet, er nemnde i innleiinga, som *Skräddarhuset* og *Ryttartorpet*. I mellomalderen var Skåne ein del av Danmark, og det er naturleg at utgjevaren knyter nokre kommentarar til dei historiske og notidige språktilhøva. Det er gjort særleg stas på Linderöds socken ved at ei rekkje fine fotografi og kartreproduksjonar er tekne med. Elles er boka forsynt med namneregister og ei rekkje oversynskart. Eit nytt og vel utført kapittel om den skånske namneskatten er lagt fram.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

STORT NAVNELEKSIKON

Gulbrand Alhaug: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Cappelen Damm, Oslo 2011. 482 sider.

I dette landet går det ikkje så lang tid mellom kvar gong ei ny namnebok kjem til verda. I 2003 gav Birger Sivertsen ut *Fornavn. Norsk navneleksikon* med godt 3000 namn, og nokre år seinare, i 2009, melde han seg igjen på marknaden med *Norrøn navnebok*. Jørgen Ourens *Den store norske navneboka* kom også same året. Forfattarane av desse bøkene er ikkje fagfolk i onomastikk i motsetnad til forfattaren av *10 001 namn*, som er professor i språkvitskap ved Universitetet i Tromsø. Det ber boka tydeleg preg av gjennom fagleg nivå, systematikk og utvalskriterium. Leksikonet kan såleis best samanliknast med det vitskaplege *Norsk personnamnleksikon* (NPL, 2. utgåva 1995 ved Kristoffer Kruken), som forfattaren har hatt god hjelp av: «jeg [står] i stor gjeld til Krukens innsiktsfulle navnekommentarer». Men dei to faglege leksikona er slett ikkje samanfallande.

I omfang er Alhaugs bok ikkje så radt lite større med sine mest 500 sider og 10 000 namn, den største som hittil er utgjeven på norsk. Nemninga *namn* er her nytta i tydinga ‘namneformer’ slik at grafiske variantar vert rekna som eigne namn, t.d. *Thomas* og *Tomas* og dei åtte variantane av *Vibeke*. I slike tilfelle vert det i leksikondelen berre vist til ei hovudoppslagsform; for desse to namna ligg hovudartikkelen under *Tomas* og *Vibeke*. Alfabetiseringa er både praktisk og forvirrande på den måten at *Thomas* som variant kjem etter *Tomas* og ikkje på rett, alfabetisk plass, «for at leserne skal slippe å bla for mye fram og tilbake når de skal gå fra variant til oppslagsform». Uvant er det for norske lesarar at *w* er alfabetisert under *v* med *Wilhelm* rett etter *Vilhelm*, etter svensk mønster.

Det faglege nivået i dette leksikonet gjer det heilt nødvendig å studera innleiinga. Utvalskriteria for dei 10 000 namna er nøye forklarte. Som ein kanskje skulle tru, byggjer ikkje materialet på lister frå Statistisk sentralbyrå (SSB), men på alle personar i folkeregisteret som er registrerte i 1960, 1998 og 2008. Namn på personar som har døydd før 1960, fell såleis utanom. Som i SSBs namnestatistikk er heller ikkje namn med ein frekvens <4 inkluderte av personvernomsyn, same omsynet ligg bak manglande frekvens på namn <10 førekomstar, men desse namna er nemnde og forklarte på vanleg vis. Viktige opplysningar under kvart namn er fyrste gongen namnet er brukt i moderne tid, som *Frøydis* i 1876 og *Fridtjof* i 1817, og den siste førekomsten av eit namn, som *Norena* i 1972. Den statistiske nøyaktigheita i opplysningane i leksikonet kjem til uttrykk i opplysningane om at 1317 kvinnenamn og 1332 mannsnamn har mellom fire og ni namneberarar.

I statistikken merkjer leksikonet seg ut også på annan måte. SSB inkluderer berre fyrste førenamn i frekvenstala, medan Alhaug også tek med namn i andre og eventuelt tredje posisjon. Dette leksikonet byggjer dermed på eit mykje større materiale enn nokon tidlegare norske namnebøker, snautt 8 millionar namneførekomstar mot snautt 5 millionar i SSBs statistikk. Frekvensen for *Synnøve* etter SSB er 6839 (i 2011) mot 31 038 registrerte førekomstar i Alhaugs materiale.

Dei statistiske opplysningane og organiseringa av namneartiklane kan verka krevjande ved fyrste gongs lesing. Under *Gulbrand* finn me talet 409 (berarar i materialet, altså ikkje SSBs frekvens som er 68), 39 prosent (som har det som andre eller tredje førenamn, dvs. 61 prosent som einaste førenamn), 1900 med ei svingpil (som syner at den siste namneberaren er fødd år 2000 eller seinare). I artikkelen vert det vist til hovudforma *Gudbrand* der tydinga ligg, deretter kjem populariteten («mest brukt 1900–15») og ein kjend namneberar (kulturminister Gulbrand Lunde i Quislings «regjering»). Nokre artiklar er korte som ei linje om *Gudvor*, medan andre er meir detaljerte som *Oliver* med femten linjer. Litt påfallande er det at det norsk-typiske *Kari* med 40 000 førekomstar berre har fått to–tre linjer.

1900 med ei svingpil (som syner at den siste namneberaren er fødd år 2000 eller seinare).

I tillegg til statistiske opplysningar vil eit typisk namneoppslag sjå slik ut: tyding, popularitet, kjende personar, den fyrste namneberaren på 1800-talet.

Leksikondelen med dei 10 000 namna fyller ca. 370 sider i boka. I tillegg kjem hundre sider med anna stoff. Alle fylka er nemnde med eit utval av statistisk typiske namn, som *Taletta* (av 35 namn) og *Ordin* (av 53) under Rogaland og *Gjøa* (av 35) og *Samson* (av 37) under Hordaland. Desse listene gjev interessant og oversiktleg informasjon om geografisk variasjon i namnevalet som kanskje kan vera ein spore for foreldre til å velja meir lokale namn.

Forfattaren er oppteken av namneval, og eg har registrert at han i pressa har argumentert for nylaga samansetjingar i staden for namn frå internasjonale motebølgjer som ein ei kort stund trur ein er nokså åleine om. I eit eige kapittel med den oppmodande tittelen «Lag et nytt navn!» argumenterer han nettopp for slike namnelagingar som me kjenner spesielt frå Nord-Noreg i nyare tid. Interesserte foreldre vil finna lister over framlegg frå *Ardis* til *Åsveig*, frå *Arnfred* til *Åstein*. Det er altså slett ikkje nødvendig å venda seg til utlandet for å vera original. Som døme på ei vellukka namnelaging nemner han *Oddvar*, den suverent mest populære med 14 752 førekomstar og 5630 i SSB. Det er knapt mange i dag som veit at namnet er ei nylaging frå 1884!

I eit eige kapittel går forfattaren gjennom norrøne namneledd med tyding, m.a. for foreldre som måtte leggja vekt på tydinga av namnet barnet skal få. Ei hjelp til foreldre som vil byta seg ut i den store hopen, er også eit eige kapittel med lister over sjeldne namn, frå *Abelona* til *Åsunn* for kvinner og *Abraham* til *Åste* for menn.

Tvikjønna namn er omskrivne og lista opp i eit eige kapittel, og forfattaren gjer greie for namnetrendar, dobbeltnamn med og utan bindestrek, dei mest populære namna frå 1900 til i dag, namnedagar, både kronologisk og alfabetisk, og heilt til slutt ei baklengssortert namneliste med tanke på foreldre som måtte ønskja namn med eit visst etterledd.

Eg har teke nokre dykk i materialet som stikkprøvar. Det særprega Finnøy-namnet *Bellest* med 4 berarar i dag har fått sin artikkel, men ikkje *Diamander*, *Gunla* (25 oppføringar i den lokale bygdeboka) og *Sømjo* frå Suldal og *Sønvis* frå Østerdalen. Boka er eit leksikon, men utvalskriteria fører til at nokre namn fell utanfor trass i omfanget. I NPL har dei tre siste eigne oppslag.

Forma *Knute* er nemnd som ei e-utviding av *Knut*, men namnet kan også ha engelsk opphav, jf. norskamerikanaren Knute Nelson. Under *Mallin* er det vist til *Malin*, ei svensk form av Magdalene, men i Ryfylke er *Mallin* utvikla av anten *Malena* eller *Madli*, som rett nok har same opphavet. I Ryfylke er *Gunda* mest truleg utvikla av *Gunnhilda* over *Gundla* og ikkje ho-kjønnsform av *Gunder* eller av tysk opphav, som også står som forklaring i NPL. Jentenamnet *Vilje* har breidd seg. Eg vil tru at mønsteret frå *Silje* og *Vilde* kan ha spela inn, i tillegg til dei forklaringane forfattaren nemner. Rogalandsnamnet *Jone* har fått ein fyldig og godt omtale.

Under *Ola* vert det sagt at den danske skriftspråksforma var *Ole*, men det kjem ikkje tydeleg fram at forma *Ola* levde vidare i talemålet i strid med skriftforma som stod i offisielle register. I dag har det ført til at foreldre gjerne vel forma *Ole* som dei finn i skriftlege kjelder frå 1800-talet. Desse få merknadene gjeld berre detaljar i alt det namnestoffet som forfattaren legg fram.

Det er nokså lett vint å føreslå kjende namneberarar i tillegg til dei forfattaren sjølv har funne, men likevel: Den einaste *Eliseus* eg veit om, er stortingsmann Lars Elisæus Vatnaland frå Bokn som sat på Stortinget for Bondepartiet i 1950-åra. *Dominikus* er kjent frå Ølen gjennom slekta til lokalpolitikaren Dominikus Bjordal.

Begge desse namna har tydeleg utanlandsk opphav, men forklaring og etymologi byd likevel ikkje på store utfordringar sidan begge høyrer heime i vår vesteuropeiske kulturkrins. Dagens Noreg med store innvandrargrupper og tilsvarande mange språk og namneskikkar stiller derimot forfattaren overfor langt større faglege problem. I dette leksikonet finn lesaren mange muslimske namn, som alle variantane av *Mohammad*, men forfattaren har vorte nøydd til å setja ei ny grense for utvalet, denne gongen etter skjønn.

Også av omsyn til omfanget har han valt å kutta ut ein god del namn frå ikkje-europeiske kulturar.

Markeringa av kvinne- og mannsnamn i leksikondelen har ei lite heldig grafisk utforming. Til vanleg vil namneleksikon ta i bruk grammatiske forkortingar eller symbol for slik markering, men her har forfattaren valt små bokstavar for kvinnenamn (Halldis) og store for mannsnamn (GUNNAR).

Omfanget er eit skikkeleg leksikon verdig, og både papir, skrifttype og trykk fell lett i auga. *10 001 navn* er eit imponerende arbeid på mange måtar. Det byggjer på eit omfattande, vitskapleg materiale som er lagt fram på ein stringent måte med gode og oppdaterte namnefaglege forklaringar. Ikkje minst opplysningane om dei fyrste namneberarane vil vekke interesse. Fagfolk vil finna namnefaglege emne og statistikkar som ikkje tidlegare har vore publiserte, og namneinteresserte lesarar – og dei er det mange av i dette landet – vil finna mykje godt stoff.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

ANTOLOGI OM ELDRE NYNORSK SPRÅKHISTORIE

Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814). Minneskrift for Kjartan Ottosson. Red. av Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr. Novus forlag, Oslo 2011. 193 sider.

Denne boka består av ti vitenskaplege artikler som alle belyser norsk språkhistorie i den perioden vi gjerne betegner som dansketida. I forordet, skrevet av Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr, går det fram at boka er resultat av et samarbeidsprosjekt der en stor del av våre fremste spesialister på norsk språkhistorie har gitt sine bidrag.

Fra 15- og 1600-tallet er tilfanget av gode språkhistoriske kilder svært sparsomt. Bruken av kildene reiser en mengde problemstillinger av metodologisk art som artiklene går grundig inn på. I den første, «Mellom norsk og dansk: Skriftspråk og talemål ikring 1500» av Ivar Berg, blir mål og metode tatt opp til prinsipiell diskusjon. I den siste gjør Endre Mørck greie for noen hovedtrekk ved syntaksen i samme tidsperiode, f.eks. framveksten av presenteringssetninger. En stor del av det øvrige innholdet har et regionalt perspektiv på språkutviklingen. Erik Simensen skriver om eldre austlandsmål, Inge Særheim om sørvestlandsk mål, Helge Sandøy om nordvestlandsk i tidlig moderne tid. Martin Skjekkeland diskuterer hvordan ei ordsamling fra Agder kan kaste lys over språket på 1600-tallet. Arnold Dalen tar for seg trønderske dialekttekster fra 1700-tallet. Her har Dalen

vedlagt tre svært interessante og fornøyelige tekster på trøndermål: en fra Tarald Ross 1714 og to fra Odin Henrik Wolff 1765 gjengitt i original språkform.

Av mer spesiell karakter er Agnete Nesses fagkritiske refleksjon omkring det vi kan kalle «norskheitsforskningen» i morsmålsfaget. Konkret gjelder det Didrik Arup Seips granskning av *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid* (1914), Leiv Amundsens liknede studie av språket til Claus Fasting (1921), Margrethe Kjærs om Welhavens forfatterskap (1922) og Egil Pettersens undersøkelse av norskhet i språket hos Dorothe Engelbretsdatter (1957). Agnete Nesse mener at denne særegne form for tekstanalyse, som går ut på å destillere typisk norsk fra typisk dansk, kan være svært utbytterik lesning for norske filologer som vil lære mer om dansk. Som kilde for å belyse talespråket i Norge mener Nesse derimot at denne forskningen har lite å gi. Andre teksttyper fra samme periode, som private dagbøker, kan være atskillig mer interessante. De kan dessuten gi et innblikk i norsk skriftkultur som vi gjennom de skjønnlitterære tekstene ikke får. Litt beslektet med Nesses bidrag er artikkelen til Jan Ragnar Hagland, som drøfter bevisstheten om et eget norsk språk på 1700-tallet ved spesielt å trekke fram ordboksarbeidene til Hans von Aphelen (1719–1779), som var født og oppvokst i Norge og som gav ut ordbøker i både dansk-fransk og dansk-tysk.

Bare én av artiklene er i sin helhet onomastisk, Ole-Jørgen Johannessens «*Olav og Anna. Innlånte navn og nordiske navn på 1500- og 1600-tallet*». I likhet med de andre åpner også Johannessen med en betraktning av kilde-situasjonen. Tilfanget av mansnavn er mye større enn tilfanget av kvinne-navn. Karakteristisk for materialet av mansnavn er at de innlånte navnene som kom tidligst, og som allerede rundt 1350 stod sterkest, nemlig *Johannes, Laurentius, Nikolaus, Peter* og *Andreas*, er navn som seinere også har hatt høyest frekvens. I tabeller over mansnavn og kvinnenavn 1501–1550 viser Johannessen hvordan fordelingen mellom nordiske og innlånte navn er i ulike deler av Vest-Norge. Høyest andel nordiske navn har Agder. Deretter følger Rogaland. Lavest andel har Bergen.

Av de andre bidragene er det bare i «Nokre kjelder som gjev opplysningar om sørvestlandsk mål i eldre nynorsk tid» av Inge Særheim at navnegransking utgjør en vesentlig del av innholdet. Særheim skriver at «namn og namnebruk er ein viktig del av språkhistoria», og viser hvordan stedsnavn kan utnyttes som språkhistoriske kilder, blant annet fordi de kan inneholde stivna former og eldre bøyingsendelser som kan si oss noe om tidligere isoglosser. (I parentes kan det nevnes at en artikkel i nyeste utgave av *Maal og Minne*, av Rune Røstad, gir fine eksempler på den samme typen av kildebruk.) Navn som *Haga, Bakka, Brekke* og *Tunge* er eksempler på gammel oblik kasusform i svakt bøyde navn. Til gardsnavn som *Sele* (gno. *sil* n.) og *Reve* (gno. *rif* n.) finnes det sekundærnavn som *Silsflu* og

Rifstø, der et konsonantsamband har hindret senkning av rotvokalen. Særheim viser også andre eksempler på interessante arkaiske drag i navn. Siste halvdel av artikkelen er en studie av en enestående norskspråklig tekst, Jacob Raschs oversettelse av Romerbrevet til jærdialekt fra ca. 1698. Særheim foretar en inngående analyse av ordtilfang, bøyingsverk, syntaks og stil. I forhold til målmerkene i seinere tid kan teksten heimfestes til Sør-Jæren. Imidlertid vet vi ikke hvor mye isoglossene har flyttet på seg i løpet av tre hundre år, og det skaper noe usikkerhet rundt spørsmålet om hva slags jær-geolekt denne teksten har grunnlag i.

I forordet får vi vite at Kjartan Ottosson hadde gjort forberedelser til et fagseminar om norsk språkhistorie 1525–1814 høstsemesteret 2010, der de faglige spesialistene på feltet var invitert. Ottosson hadde selv tatt på seg å skrive et oversiktskapittel. Men så døde han dessverre 28. juni før seminaret skulle holdes, etter å ha slitt med alvorlig sykdom i lengre tid. Rammen om boka er derfor et minneskrift for Kjartan Ottosson, en avholdt og dyktig professor i islandsk ved Universitetet i Oslo siden 1992. Etter innholdsfortegnelsen er det en fem siders minneomtale skrevet av Arne Torp. Deretter følger tre kortere minneord. Höskuldur Þráinsson og Þórhallur Eypórsson har skrevet hver sitt, mens andre gode kollegaer som Kristin Bakken, Eyjólfur Kjalar Emilsson, Jon Gunnar Jørgensen og Jón Viðar Sigurðsson har gått sammen om ett. Bak finner vi en bibliografi over Kjartan Ottossons publiserte arbeider, liste over bestillere og helt til slutt en kort omtale av de ti artikkelforfatterne, Ivar Berg, Agnete Nesse, Martin Skjekkeland, Jan Ragnar Hagland, Ole-Jørgen Johannessen, Erik Simensen, Inge Særheim, Helge Sandøy, Arnold Dalen og Endre Mørck.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

GAMLE SANNINGAR FOR FALL?

Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNAs 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010. Red. av Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. (NORNA-rapporter 87.) Uppsala 2011. 212 sider.

«Ordet [Norvegr] er norrønt og betyr ‘veien mot nord’», heiter det i fyrste linja i band 1 av det nye historieverket *Norvegr. Norges historie* (2011) utan atterhald. I NORNA-rapporten argumenterer Klaus Johan Myrvoll for at denne allment aksepterte tolkinga slett ikkje er så sikker. I artikkelen med den sjølvforklarande tittelen «Skaldedikt som kjelda til etymologi og ljodleg vokster av norske namn» konkluderer han ikkje med ei anna tol-

king, men argumenterer for at norrønt **nór* også kan liggja bak i tydinga ‘trøngt farvatn, sund’, som ville høva like godt med norsk geografi som ‘veien mot nord’.

Ein annan forskar som ruskar opp i gamle og tilvande tolkingar, er Harald Bjorvand i ein artikkel med den tvitydige tittelen «Rot og røtter – etymologi og stedsnavn», der han m.a. stiller seg kritisk til tolkinga av *Sola*, som slett ikkje har det minste med *sol* å gjera om nokon skulle finna på å tru det, og heller ikkje med eit ord for ‘haug, høgd’ som har vore vanleg oppfatning mellom filologar. Han konkluderer med at namnet som ser så enkelt ut, rett og slett ikkje lèt seg tolka.

Bjorvand freistar å rydda opp i etymologisk *rot* i fleire tolkingar, m.a. *Varteig* i Østfold og *var* både i svenske og danske stadnamn. *Varteig* ser han som eit sekundærnamn ‘teigene på den andre siden av evja **Vara*’, som opphavleg kan ha vore brukt om ‘det rolige(re), avdreiende vannet osv.’ i motsetnad til hovudelva Glåma. Dei andre artiklane i boka syner at Bjorvands etymologiske diskusjonar har gjort inntrykk på andre forskarar på dette symposiet, m.a. Svante Strandberg som endra innlegget sitt om *Var-* i stadnamn som i *Vara* og *Edsvära*.

I opningsartikkelen gjev Thorsten Andersson eit grundig og generelt oversyn over den plassen etymologien har i namnegranskinga, og Bent Jørgensen gjer greie for etymologien i dansk namnegransking med den slående og uakademiske formuleringa «Nødigt men gerne» med illustrerande døme frå diskusjonen om fyrsteleddet i *Saksild*, *Såby* og *Atterup*.

Lennart Elmevik skriv om dilemmaet å våga eller ikkje våga i tolking av gamle og uklære stadnamn. Han vurderer etymologiar på nytt og prøver å skilja mellom det spekulative og det sannsynlege i ei rad namn som *Nymden* og *Trögd* og avsluttar med *Gudenå* i Danmark, av mange rekna som sakralt. Han meiner at eit appellativ kan liggja bak med tydinga ‘å, vassdrag, flaumelv’.

Vidar Haslum skriv om språkleg kompetanse i namngjevingssituasjonen som eit viktig moment i namnegranskinga. Eit av døma han dreg fram, er alle namna med tydinga ‘skjoldbrei’ (i dag *Skjelbrei* o.a.) utan at me i dag greier gjennomskoda kva som ligg bak denne namngjevinga.

Ei klassisk problemstilling ligg i overskrifta på Inge Særheims artikkel, «Våre eldste stadnamn – viktige språkhistoriske kjelder» med døme frå dei mange uforklarte og uklare stadnamna i Rogaland av den korte typen som *Sola*, *Soma* og *Ogn*. I ein artikkel om bygdenamnet *Idd* i Østfold argumenterer Margit Harsson for tydinga *ide* ‘bakevje’ eller eit nærskyldt ord.

Kor innfløkt etymologien til eit namn kan vera, viser Andrew Jennings i ein kort artikkel om namnet *Shetland*, der han drøftar irsk, piktisk og folke-etymologisk opphav i norrønt. Ingen klar etymologi let seg påvisa.

Line Sandst skriv om stadnamn som stilistiske figurar med døme frå Danmark, og i to artiklar vert dei svenske namna *Tjust*, *Härnäs* og *Kåvran*

omskrivne. Ein artig artikkel av Nicolai Peitersen handlar om etymologien til orda *ost* og *smør* og førekomsten i engelske bynamn. Engelsk *cheese* og *butter* er seinare lån frå latin.

Den siste artikkelen om digitalisering av trykte stadnamnverk i Danmark fell unekteleg noko på sida av hovudemnet for symposiet, men er interessant nok i eit digitalt framtidsperspektiv.

Etymologien kan verka ugjennomtrengjeleg for lekfolk med alle sine notasjonar og lingvistiske resonnement, men det meste er likevel godt leseleg. Om ikkje anna vil ein få med seg hovudpoenga i freistnadene på tolking av kjende namn som *Noreg*, *Sola*, *Varteig*, *Idd* o.a. Godt gjort er det at boka ligg føre berre halvtanna år etter symposiet og utan lyte i redigering og utforming.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

METODAR I NAMNEGRANSKINGA

Methoden der Namenforschung. Methodologie, Methodik und Praxis. Red. av Arne Ziegler og Erika Windberger-Heidenkummer. Akademie Verlag, Berlin 2011. 254 sider.

Dei fleste utgjevingane i namnegransking har bakgrunn i konferansar og symposium. Det gjeld òg den nyutkomne tyskspråklege artikkelsamlinga med tittelen *Methoden der Namenforschung* – «metodar i namnegranskinga». I mai 2010 vart det halde ein konferanse med same tittel i Graz i Austerrike. Boka er delt inn i tre bolkar: 1) Metodologi og refleksjonar med seks artiklar, 2) Metodikk og diskusjonar med fire artiklar, 3) Praxis og analysar med fire artiklar. Dessutan har redaktørane ein innleiande artikkel der dei spør om korleis og kvifor dei har valt å samla seg om dette emnet. Ein metoderefleksjon må mellom anna ta utgangspunkt i eit samspel mellom induktiv og deduktiv metode, hevdar dei.

I den fyrste bolken stiller Friedhelm Debus spørsmålet om realprøva har siste ordet ved all namnetolking, og svarar ja med atterhald på det. Konklusjonen er at realprøva har siste ordet så langt ho er mogeleg, men det er ho ikkje alltid. Monovalens og klassifisering er emnet til ein artikkel av Erika Windberger-Heidenkummer, der ho m.a. strekar under at det er viktig å sjå namneteori og semiotikk i samanheng, men at ein aldri må gje avkall på «monovalensen» til namn. Fleire av artiklane tek utgangspunkt i pågåande namneprosjekt. Det gjeld m.a. Christian Kollmann som tek for seg metodiske spørsmål i samband med typologisering av luxemburgske fami-

lienamn. På grunnlag av nokre utvalde indogermanske hydronym diskuterer Harald Bichmeier i ein av dei lengste artiklane den meir generelle problemstillinga moderne indogermanistikk i høve til tradisjonell namnevitskap. Deretter kjem ein kortare artikkel om geografiske namn og grammatikk av Peter Ernst, der forfattaren tek for seg artikkelbruk, genus, kasus og numerus i nokre kjende interasjonale stadnamn. Giorgio Marrapodi tek for seg kva rolle folketradisjon og overtru har når det gjeld å tolka stadnamn.

Bolk to tek til med ein presentasjon av Albrecht Greule om arbeidsmåte og disposisjon av det store verket *Deutsches Gewässernamenbuch* (Tyske vassførenamn). Her gjev han eit interessant oversyn over forskingssituasjonen innanfor vassførenamn, oppbygginga av verket og artikkelplan. Meir teoretisk er artikkelen til Volker Kohlheim om diffusjonsteori og onomastikk. Gjennom ulike døme drøfter han faktorar som tidsperiode, tempo og geografisk mønster i utbreiingsprosessen. Gerhard Rampl drøfter databasert bruk av historiske belegg av teignamn i stadnamngransking og framhevar tidsvinsten ved å nytta seg av elektroniske belegg. Eit anna prosjektrelatert bidrag tek for seg regionalitet som utvalskriterium i redigeringa av den nettbaserte austerriske familienamnboka. Deretter drøfter Wolfgang Janka arbeidsplan og metode i eit bokprosjekt om historiske stadnamn i Bayern.

Den tredje og siste bolken opnar med eit fellesarbeid av Sabina Buchner og Martina Winner om ei nettbasert digital stadnamnbok (*Digitales Ortsnamenbuch*). Dei peikar på eit velkjent faktum, nemleg at det finst mange ulike datatekniske løysingar innanfor namnegransking, og at ulike fagmiljø brukar for mykje tid på å utvikla opplegg som andre alt har prøvd ut. Dei to forfattarane meiner at dei har kome fram til eit konsept som kan nyttast av ulike miljø.

Eit nyare felt innanfor stadnamngranskinga er namneøkologi, dvs. studiet av mikrotoponym (smånamn) sett i ein mental og økologisk samanheng. Denne prosjektorienteringa føreset grundige nærstudium av det aktuelle materialet og konteksten det finst i. Slike spørsmål er forresten ofte drøfte, i alle fall indirekte, i dei tradisjonelle norske hovudoppgåvene i stadnamngransking. Yvonne Kathrein tek oss med attende til personnamn, og då yrkesnamn som indikatorar på bergverksdrift i Schwarz/Tyrol. Dei meiner å ha funne slike indikatorar i område der det finst knippe (*clusters*) av slike namn. Yrkesnamn er òg emnet til Rosa Kohlheim i siste artikkelen i samlinga. Ho går særleg inn på i kva grad yrkesnamn er å sjå på som tilnamn. Ikkje uventu konkluderer ho med at namn som *Klein* og *Groß* gjerne går attende på ein person med den eine eller den andre eigenskapen som miljøet kring vedkomande skapte. Seinare er namnet nytta utan omsyn til innhald.

Boka har mange interessante artiklar og gjer som nemnt greie for ei rekkje namnevitskaplege prosjekt. Boka står ikkje fram som ei lærebok i

namnevitskapleg metode, men viser ei rekkje innfallsvinklar i studiet av stadnamn og personnamn. Det er mange impulsar å henta her.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

SAKRAL TOLKNING AV BOSTEDSNAVN PÅ *-LUND*

Krister S. K. Vasshus: *Vestnorske offerlundar. Spor etter norrøn kultpraksis i vestnorske stadnamn*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 2011. 113 sider.

Tre og et halvt år etter at Kristin Sundve Sannan leverte sin hovedoppgave om sakrale stedsnavn i Østfold, er det fra Bergen kommet nok et studentarbeid innenfor samme emnet. Mens Sannans undersøkelse mest dreier seg om forledd, handler Krister Vasshus' arbeid om gamle bostedsnavn med hovedleddet *lund*. Det som er undersøkt, er *lund*-garder i fylkene Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Tidligere navneforskere som Oluf Rygh og Magnus Olsen har antatt at navneleddet *lund* i en del gamle navn viser til 'hellig lund, offerlund'. I en nyere granskning av Per Vikstrand (2001) blir om lag 30 prosent av de svenske *lund(a)*-navnene regnet som sakrale. Et viktig argument for sakralt innhold i det svenske materialet er ti belegg med forleddet *Tor*. Dessuten forekommer *Fröslunda* tre steder og *Ullunda* to, i tillegg til at det er belegg for et forsvunnet navn *Odenslunda* (s. 13). Noe slikt mønster er ikke å finne i det vestnorske *lund*-tilfanget. I oppgaven er det usammensatte *lund*-navn som Vasshus ser nærmere på. Navnet *Lund* forekommer i Eid, Gulen, Vossestrand, Fana, Eidfjord, Kvinnherad, Sjernarøy og Lund. Vi har *Lunda* i Etne og *Lunde* i Stryn (2), Jølster, Hafslo, Balestrand, Leikanger, Vossestrand, Voss, Os, Tysnes, Ølen, Suldal, Åmøy og Hundvåg.

Blant usammensatte *lund*-navn må man forvente at indikasjonene på sakralitet er færre og mer usikre. Når de likevel er fattet med interesse, er det fordi mange av disse ligger så nær et gammelt kirkested at det neppe kan være tilfeldig. I navnemiljøet kan det finnes andre navn som kan tolkes i en sakral sammenheng. Vasshus vil vise at nærhet til et kultsted, høy landskyld som indikasjon på høy alder, sammenlagt med en tolkning av navnemiljøet i en del tilfeller vil kunne styrke en teori om sakralt innhold. Konklusjonen hans er at fjorten av de undersøkte blir definert som sakrale (s. 107).

Hos Vasshus har navnemiljøet fått en ekstra framtreddende plass i analysen, der interessante observasjoner også er gjort. For eksempel har Lunde i Os (s. 73 f.) en gard i nærheten som heter *Lekven*, der opphavet kan ha vært offentlige leiker – muligens knyttet til religiøs praksis. I miljøet finnes også gardsnavn som *Skeie*, *Hovland* og *Haljem*, der en mulig, men usikker tolkning av det sistnevnte er ‘hellig heim’.

Til et navn *Visnes* i nærheten av Lunde i Stryn er det språklige innholdet svært uklart. En av flere tolkningsmuligheter er at forleddet går tilbake på et eldre *Vifill*, brukt om en mannsperson. I så fall kan *Vifill* være et mannsnavn eller en manns tilnavn. Hvis det siste alternativet er det rette, kan tilnavnet tolkes som ‘han som vier’, som igjen kan tolkes som uttrykk for at en kultfunksjonær har bodd på dette stedet. Hvis vi velger å godta en slik kjede av eventualiteter, med utgangspunkt i en høyst usikkert rekonstruert gammelnorsk form, får vi altså et resultat som kan indikere sakralitet. Vasshus skriver i det videre: «Ein kan sjå nærveret av slike stadman [*sic*] i eit namnemiljø som ein indikator på sakralitet, men i dette tilfellet må eg presisera at desse indikatorane er svake, og at dei ikkje kan reknast for sannsynleggjerande for sakralitet. Her er likevel ei viss usikkerheit ikring avgjersla, og kanskje ville arkeologi bidra til sikrere tolking» (s. 29). Dette siste blir gjentatt som et viktig poeng i konklusjonen på slutten (s. 108). Litt under halvparten av de undersøkte *lund*-navnene ligger i et sakralt miljø, men Vasshus presiserer likevel at det er ingen som hundre prosent sikkert kan tolkes som sakrale.

I oppgaven har Vasshus funnet en måte å ordne stoffet på som er god, selv om innslagene av ortografisk rusk er større enn det vi bør forvente. Framstillingen er oversiktlig og leservennlig og forsynt med fine og instruktive kartutsnitt. Avhandlingen viser en religionshistorisk interessert gransker som har satt seg grundig inn i fagområdet og som framlegger stoffet på en måte som er reflektert og kildekritisk balansert.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

PERSONNAVN PÅ HVER SIN SIDE AV FJELLET

Halvor Gåsland: *Personnamn, ei kjelde til å spore historisk kontakt mellom Lærdal og Valdres?* Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 1011. 176 sider.

Masteroppgaven går ut på å vise hvordan personnavntilfanget i to prestegjeld som grenser til hverandre, Lærdal i Sogn og Fjordane og Vang i

Valdres i Oppland, utvikler seg i løpet av en hundreårsperiode preget av store samfunnsendringer. Undersøkelsen er ordnet etter hver av de tre folketellingene i 1801, 1865 og 1900, med en nærmere inndeling slik: navnematerialet i Lærdal, navnematerialet innbyrdes i Lærdal (dvs. Lærdals fire kirkesokn), navnematerialet i Vang, først mansnavn, deretter kvinnenavn.

Lærdal og Vang ligger på hver sin side av Fillefjellet (i Gåslands normering «Filefjell»), der hovedferdselen mellom Bergen og Oslo gikk i mange hundre år. Gåsland har derfor vært særskilt ute etter å se om sambandet mellom vest og øst har gitt utslag i form av likhetstrekk i navnemønsteret mellom de to bygdene. Det viser seg at ingen tydelige fellestrekk av dette slaget har latt seg påvise. Men det er verdt å merke seg at ei tidligere middelalderkirke på Fillefjellet, Tomaskyrkja – dedikert til helgenen Thomas Becket –, ganske sikkert har bidratt til at mansnavnet *Tomas* har vært mye mer brukt i de to bygdene enn gjennomsnittet i landet.

Gåsland grupperer navnene i fire hovedtyper, omtrent slik det er gjort i Egil Pettersens omfangsrike studie av *Personnavn i Vest-Norge 1450–1550* fra 1981: 1. Nordiske navn, 2. Kirkelige navn, 3. Tyske navn, 4. Andre innlånte navn (s. 18). Noe som bør finnes i lokale navnestudier som denne, er en drøfting av, eller oversikt over, hvilke navn som har god lokal tradisjon gjennom en muntlig tradering, med opplysninger om nedarvet uttale. Det får vi ikke her, og det gjør at den språkvitenskapelige siden ikke trer så tydelig fram som den burde.

I de to bygdene er det store forskjeller i navnemønsteret, selv om navnene *Ola* (i Gåslands transkripsjon «Ole») og *Anne* er de klart mest frekvente begge steder. Lærdal har et navnemønster som framstår som nokså representativt i forhold til landet sett under ett. Blant tradisjonelle navn i Lærdal hører *Agrim*, *Asgrim*, *Bothilde*, *Bottolv*, *Finn*, *Gjesa*, *Ingvar* og *Lasse*. Andelen av nordiske navn er som ventet større i Vang enn i Lærdal gjennom hele hundreåret, og navnetilfanget i Vang er også mye mer stabilt. Blant tradisjonelle navn i Vang hører *Boye*, *Finnkjell*, *Gor* (< *Gudvor*) og *Jogeir*. I løpet av 1800-tallet er økningen av leksikalske navn i Vang påfallende liten, bare 11 mansnavn og 6 kvinnenavn (s. 124). Til sammenlikning er de samme tallene for Lærdal 18 og 77 (s. 127). En observasjon i Lærdal er altså en formidabel økning i tallet på leksikalske kvinnenavn.

Arbeidet til Halvor Gåsland er velstrukturert og ryddig, med fine og instruktive tabeller. Viktig er også de 25 vedleggssidene med statistiske opplysninger for hvert enkelt navn. De første tabellene i denne vedleggsdelen viser dobbeltnavn. Seinere følger moveringsnavn, der vi kan lese at *Oline* – med 50 belegg i Lærdal –, er det klart mest frekvente. Ellers finner vi her instruktive tabeller der alle navneforekomstene er sortert etter frekvens.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

PERSONNAVNENE I TO PRESTEGJELD I SOGN OG FJORDANE

Cecilie Frøysland: «*Fra Nicolaia og Chrispinus til Rakel og Moses*». *Personnavn og personnavnforråd i Jølster og Gloppen prestegjeld fra 1801 til 1900*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, høsten 1011. 174 sider.

Masteroppgaven går ut på å vise hvordan personnavntilfanget i to prestegjeld i Sogn og Fjordane, Jølster og Gloppen, utvikler seg i løpet av 1800-tallet. De primære kildene er folketellingene i 1801, 1865 og 1900. Dessuten er det brukt kirkebøker. Frøysland er interessert i å undersøke alle former for det hun kaller modernisering som inntreffer i løpet av hundreåret og som forventes å være endringer i hvilke navn som hører til de tjue mest frekvente, større variasjon i navneforrådet og økt forekomst av nordiske navn mot slutten av hundreåret (s. 17).

I Jølster og Gloppen er navnetilfanget allerede i 1801 dominert av kirkelige navn. Tyske navn er også solid representert, mens de nordiske navnene står forholdsvis svakt, i alle fall sammenliknet med innlandsbygdene lenger sør i landet. Spesielt for Jølster er at vi der finner enkelte sjeldne navn som lokalt er mye brukt gjennom hele hundreåret. Det gjelder *Danele*, *Nicolaia* og *Krispinus* (s. 106). I Jølster er det få nye nordiske kvinnenavn som kommer inn i perioden, mens det samtidig er en nesten eksplosiv økning i Gloppen. I det hele tatt finner Frøysland mye tydeligere tegn på modernisering i Gloppen enn i Jølster. Felles for begge steder er at de største endringene inntreffer etter 1865.

Personnavn kan typologiseres på ulike måter, og i en lokal navnehistorisk studie som denne er det selvsagt viktig å tenke nøye gjennom hvilken gruppering som tjener undersøkelsens formål best. Den drøftingen Frøysland har av dette sentrale spørsmålet (s. 24–25), virker noe springende og ender opp med denne inndelingen: 1. Innlånte navn, 2. Kirkelige navn, 3. Nordiske navn, 4. Tyske navn. Tallet på navn som ikke passer inn i noen av disse fire kategoriene, som f.eks. tvilstilfeller, blir av Frøysland ansett for å være helt minimalt. Det som framfor alt kjennetegner den analysen som følger, er kvantifiseringer. Men når typologien er så lite avklart som her, blir det ofte vanskelig å vite hva slags typer av navn – tradisjonelle eller nye – som de enormt mange kvantifiseringene representerer. I kategorien «nordiske navn» plasserer Frøysland navn som *Åse*, *Oline*, *Olufine*, *Olga*, *Ragna*, *Eigil*, *Harald*, *Olai*, *Sjur*, *Sivert*, *Thorleif* og *Sigurd*. Her hadde det vært på sin plass med en nærmere begrunnelse for inndelingen. Hvis formålet hadde vært å undersøke navnemønsteret på 1600-tallet, hadde Frøyslands firedeling fungert bra, og særlig hvis de lengst traderte navnene, de nordiske, ble presentert som første kategori. Men på 1800-tallet skjer det mye nytt. Nye navnetyper, nye måter å lage navn på og – ikke minst – nye

måter å tradere navn på kommer inn for fullt. De gamle, muntlig traderte navnetypene blir i større eller mindre grad fortrent av nye, litterært innlånte og skriftspråkavhengige navnetyper. Og slike dyptgripende omveltninger i den lokale språkkulturen må en typologisering ta hensyn til, når målet er å «finne tydelige tegn på en modernisering i navnebruken» (s. 7). Den forskningen Frøysland viser til, er nesten utelukkende den som ser personnavnene i et nasjonalt perspektiv, og der det lokale traderingsperspektivet havner utenfor fokus. Lokale studier av navneskikken, som det har kommet en god del av i de siste årene, er praktisk talt ikke brukt i oppgaven her. Litteraturlisten på slutten er også uvanlig kort. Alt dette har gjort at flere vesentlige sider ved moderniseringsprosessen ikke blir tydelig i hovedframstillingen. På dette punktet skal det sies at konklusjonen på slutten er bedre. Her blir viktige resultater av undersøkelsen sammenfattet på eksemplarisk vis.

Masteroppgaven til Cecilie Frøysland er, på samme måten som den forrige omtalte av Halvor Gåsland, utpreget kvantitativ i sin form. I innhold, problemstilling og presentasjon er disse to mye like hverandre, selv om Frøysland virker enda mer interessert i tall. Frøysland har lagt ned et stort arbeid i den statistiske presentasjonen. Det gjelder ikke minst i de seksti sidene med vedlegg bakerst, der navnetilfanget er presentert samlet, først i alfabetisk orden, deretter sortert etter frekvens. Tabellene har en velordnet og leservennlig utforming, der mye interessant informasjon kan leses ut.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2010

Norsk namnebibliografi femner um namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utlendske granskarar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. Sosioonomastikk – framlegg til avgrensing. I: *Namn – en spegel av samhället förr och nu*. Red. Staffan Nyström. (Ord och stil. Språkvårdssamfundets skrifter 41.) Stockholm, s. 15–35.
- . Ei litterær namnereise langs Diktarvegen. I: *Jakob Sande 2010. Sande på Diktarveg*. Red. Arne Osland m.fl. Dale, s. 15–35.
- Alhaug, Gulbrand. Namnet *Botolv* frå 600-talet til i dag. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 1–11.
- Aune, Kolbjørn. Botolv i Butulsbugen. Ei forseinka helsing til Botolv H. på 70-årsdagen. *Nytt om namn* 51, s. 27–28.
- . Veneskrift til Kristoffer Kruken. [Melding av] *Kristoffers namnerike. Veneskrift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010*. Red. Margit Harsson og Botolv Helleland. Oslo 2010. *Nytt om namn* 51, s. 38–39.
- Coleman, Nancy L. Torgils Vågslid med bok om stadnamn på tysk. [Melding av] Torgils Vågslid: *Namen und Leben im nordischen Altertum. Namensforschung jenseits von Wikingerhelden und Götterwelt*. Berlin 2009. *Nytt om namn* 51, s. 51–52.
- Coleman, Nancy L. og Olav Veka. *A Handbook of Scandinavian Names*. Madison: The University of Wisconsin Press. XVII + 195 s.
- Edlund, Lars-Erik. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold* 9. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo 2010. *Namn og Nemne* 27, s. 123–126.
- Fet, Jostein. *Sunnmørske tunnamn. Individ – samfunn – landskap*. [Lesja]: Snøhetta forlag. 415 s.
- Furnes, Steinar. Vestlandshesten og norskdomsbølgja. Patriotiske namn borne av hingstar fødte i perioden 1875–1899. Fenomenet og bakgrunnsårsakene. *Namn og Nemne* 27, s. 7–27.

- Hagland, Jan Ragnar. Ei lita gruppe skjergardsnamn i havet vest for Hauge-sund. *Namn og Nemne* 27, s. 57–62.
- Hallaråker, Peter. Stadnamn i ei utskiftingsforretning på garden Halderager (Hallaråker) frå 1830. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 25–36.
- . Sunnmørske tunnamn. [Melding av] Jostein Fet: *Sunnmørske tunnamn. Individ – samfunn – landskap*. Lesja 2010. *Nytt om namn* 52, s. 60–61.
- Harsson, Margit. *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Oslo: Novus forlag. 925 s. + 14 s. karttillegg
- . OGB XIV – naturnamn. [Melding av] *Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län XIV. Ortnamnen i Sotenäs härad*. Red. Birgit Falck-Kjällquist. Del 2. *Naturnamn*. Utg. av Institutet för språk och folkminnen, Dialekt-, ortnamns- og folkminnesarkivet i Göteborg, 2009. *Nytt om namn* 52, s. 46–47.
- Harsson, Margit og Botolv Helleland (red.). *Kristoffers namnerike. Veneskrift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010*. Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. 212 s.
- Haslum, Vidar. *Sagmerr og skrukkebu*. To ord og fleire stadnamn. *Nytt om namn* 51, s. 29–31.
- . *Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling. Barland. Gnr. 77. Sannidal herred, Kragerø, Telemark*. Utg. i samarbeid med Sannidal historielag. 36 s.
- . *Stedsnavn i Tveit. En lokalhistorisk innsamling. Tveit prestegård. Gnr. 110 Tveit, Kristiansand, Vest-Agder*. Innsamlet av Magnhild Egerhei Pedersen og Vidar Haslum. Utg. i samarbeid med Tveit historielag. Kristiansand. 40 s.
- . Veneskrift til Botolv Helleland [Melding av] *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo 2010. *Nytt om namn* 51, s. 34–37.
- . [Melding av] *Norræn nöfn – Nöfn á Norðurlöndum. Hefðir og endurnýjun. Nordiska namn – Namn i Norden. Tradition och förnyelse. Handlingar från Den fjortonde nordiska namnforskarkongressen i Borgarnes 11–14 augusti 2007*. Red. Guðrún Kvaran, Hallgrímur J. Ámundason, Jónína Hafsteinsdóttir og Svavar Sigmundsson. (NORNA-rapporter 84.) Uppsala 2008. *Namn og Nemne* 27, s. 100–107.
- . Stort verk om norske rud-navn. [Melding av] Margit Harsson: *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Oslo 2010. *Nytt om namn* 52, s. 53–55.
- . Stedsnavn i gardshistorie. [Melding av] Frode Myrheim og Odd Ottesen: *Gards- og slektshistorie for Høland og Setskog*. Bind 6, del 1.

- Kirkefferdingen. Gnr. 25–31.* Utg. av Aurskog-Høland kommune, 2010. *Nytt om namn* 52, s. 58–59.
- Heide, Eldar. Namna Grøta(vær) og Gryta / Grytøya. *Håløygminne* 23, s. 222–224.
- Helleland, Botolv. Alte Namen für kleine Orte. Ein Beitrag zur Diskussion der Rekonstruktion verschwundener Wörter. I: *Probleme der Rekonstruktion untergegangener Wörter aus alten Eigennamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 7.–9. April 2010.* Red. Lennart Elmevik og Svante Strandberg. Uppsala, s. 55–68.
- . Frå Jeriko til Vaterlo – utanlandske nedslag i norske stadnamn. I: *Från sjö till hav. Namn- och ordstudier tillägnade Birgit Falck-Kjällquist.* Red. Maria Löfdahl, Fredrik Skott og Lena Wenner. Göteborg, s. 53–67.
- . Med Kristoffer i hans namnerike. I: *Kristoffers namnerike. Venskift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010.* Red. Margit Harsson og Botolv Helleland. Oslo, s. 7–10.
- . Metaphoric Naming in Western Norway. I: *Teoretické a komunikační aspekty proprií. Prof. Rudolfovi Šrámkovi k životnímu jubileu.* Red. Milan Harvalík, Eva Minářová og Jana Marie Tušková. (Spisy Pedagogické fakulty Masarykovy univerzity, svazek číslo 135.) Brno, s. 217–228.
- . Norske personnamn inn i det tredje milleniet. I: *Almanakkens historie. En jubileumsbok 2011.* Oslo, s. 154–171
- . Stadnamn som identitetsberar, vegvisar og kulturarv. *Språknytt* 1/2010, s. 18–21.
- . Stadnamna
- . Standardization of place-names in Norway in the light of the prevailing political climate. *Nytt om namn* 52, s. 29–33.
- . Stølsnamnet *Røvil* i Ullensvang. *Namn och bygd* 98, s. 93–100.
- . Førenamn i statistisk samanheng. [Melding av] Jørgen Ouren: *Den store navnebok.* Skrevet i samarbeid med Geir Tunby. Oslo 2009. *Nytt om namn* 52, s. 48–49.
- . Norrøn namnebok. [Melding av] Birger Sivertsen: *Norrøn navnebok.* Oslo 2009. *Nytt om namn* 52, s. 50.
- Henriksen, Marit Breie. Doktoravhandling om samiske navn. [Melding av] Kaisa Rautio Helander: *Namat dan nammii. Sámi báikenamaid dáruiduhttin Várjjaga guovllus Norgga uniovdnaáiggi loahpas.* [In the name of names. The Norwegianisation of the Sámi placenames in the Várjjat area at the end of the unionification periode of Norway.] Guovdageaidnu 2008. *Nytt om namn* 51, s. 44–47.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 9. Varteig.* Utg. av Institutt for lingvистiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 203 s.

- Holsbøvåg, Kåre Magne. 2010. *Stadnamn i Molde kommune. Namn og kulturhistorie*. Utg. av Romsdals sogelag. Molde. 413 s.
- Hovdenak, Marit. Namn i Nynorskordboka. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 37–45.
- Jørgensen, Bent. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 8. Idd*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Margit Harsson. Oslo 2008. *Namn og Nemne 27*, s. 108–111.
- Jørgensen, Jon Gunnar. Magnus Olsen som filolog. *Namn og Nemne 27*, s. 47–56.
- Kruken, Kristoffer. Stadnamn i bunden form som forledd i samansette stadnamn. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 47–51.
- Larsen, Terje. Bibliografi over Botolv Hellelands trykte arbeid. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 147–166.
- . Bibliografi over Kristoffer Krukens vitskaplege arbeid. I: *Kristoffers namnerike. Veneskrift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010*. Red. Margit Harsson og Botolv Helleland. Oslo, s. 199–208.
- Larsen, Terje og Tom Schmidt (red.). *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Oslo: Novus forlag. XII + 167 s.
- Leira, Vigleik. Uttale av tostava etternavn som ender på *-er*. *Språknytt 3/2010*, s. 27–28.
- Löfdahl, Maria. [Melding av] *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo 2010. *Namn och bygd 98*, s. 156–159.
- Myrheim, Frode. [Melding av] Nancy L. Coleman og Olav Veka: *A Handbook of Scandinavian Names*. Madison 2010. *Nytt om namn 52*, s. 51–53.
- Myrvang, Finn. Dingelvika og Katolikkarkjerka. *Bøfferding 2010*, s. 52–55.
- . Frå hjarta til Gjertrud. *Håløygminne 23*, s. 225–232.
- . Namnelementet «lur». *Håløygminne 23*, s. 181–192.
- . Særoppgåve utvida til bok. [Melding av] Anne-Katrine Meland: *Stedsnavn på Lovund med vekt på historie, kultur og arbeidsliv*. [Lovunda] 2008. *Nytt om namn 51*, s. 42–44.
- Nedrelid, Gudlaug. *Durdeirumpa, Hovudbrotet og andre teignamn i Gardsgrendi*. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 59–69.

- . [Melding av] Eva Brylla: Andersson, Pettersson, Lundström och ... Beachman. *Om nordiska efternamn i sin europeiska omgivning*. Uppsala 2009. *Studia anthroponymica Scandinavica* 28, s. 155–156.
- Nes, Oddvar. Ortografisk kontekstanalyse. Gno. **Tinnr* eller **Dinnr*? *Namn og Nemne* 27, s. 91–95.
- Nyström, Staffan. [Melding av] Tom Schmidt: *Nøvn vesta åsen. Bustadnamn i Vestre Slidre*. Oslo 2009. *Namn och bygd* 98, s. 179–181.
- Pedersen, Aud-Kirsti. Stadnamn og identitet ved språkskifte. I: *Namn – en spegel av samhället förr och nu*. Red. Staffan Nyström. (Ord och stil. Språkvårdssamfundets skrifter 41.) Stockholm, s. 73–93.
- Sandøy, Helge. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Oslo: Novus forlag. 343 s. [Um stadnamn s. 51–81, um personnamn s. 199–202, 249–251, 296–299.]
- Schmidt, Tom. *Jentebingen, ball- og andre binger*. I: *Från sjö till hav. Namn- och ordstudier tillägnade Birgit Falck-Kjällquist*. Red. Maria Löfdahl, Fredrik Skott og Lena Wenner. Göteborg, s. 123–132.
- . Summary presented at the final session. I: *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*. Bd. 5. Red. Eva Brylla, Maria Ohlsson og Mats Wahlberg i samarbaid med Wolfgang Haubrichs og Tom Schmidt. Uppsala, s. 295–296.
- Seim, Karin Fjellhammer. «Dristige forkortninger?» En nytolkning av runeinnskriften i Selbu kirke (N 460). *Studia anthroponymica Scandinavica* 28, s. 27–39.
- Stemshaug, Ola. Lost appellatives in island names in central and northern Norway. I: *Probleme der Rekonstruktion untergegangener Wörter aus alten Eigennamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 7.–9. April 2010*. Red. Lennart Elmevik og Svante Strandberg. Uppsala, s. 105–115.
- . *Lø – gard, lagerplass og hamn*. Med jamførande materiale om andre namn på stabel- og ladestader i Noreg. *Namn och bygd* 98, s. 101–110.
- . *Mari og Maja i Noreg*. *Studia anthroponymica Scandinavica* 28, s. 87–105.
- . *Ulv m. og varg m. i målføre og stadnamn nordafjells*. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 95–104.
- . [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 7. Tune*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo 2007. *Namn og Nemne* 27, s. 97–100.
- Strandberg, Svante. [Melding av] *Nes om namn. Heidersskrift til Oddvar Nes på 70-årsdagen 27. desember 2008*. Red. Jarle Bondevik og Ole-Jørgen Johannessen. Bergen 2008. *Namn och bygd* 98, s. 173–174.

- . [Melding av] *Nes om namn. Heidersskrift til Oddvar Nes på 70-årsdagen 27. desember 2008*. Red. Jarle Bondevik og Ole-Jørgen Johannessen. Bergen 2008. *Namn og Nemne* 27, s. 114–117.
- Svanevik, Anne. «Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk». En illusjon? I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 113–120.
- Særheim, Inge. *Hardangskjer, Hardangstøna og Hardangberget – hardingar på ferde*. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 127–131.
- . Magnus Olsens forskning om dei norske *staðir-* og *land-*namna. *Namn og Nemne* 27, s. 63–72.
- . Reconstructing topographical appellatives from place-names. Some methodological challenges. I: *Probleme der Rekonstruktion untergegangener Wörter aus alten Eigennamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 7.–9. April 2010*. Red. Lennart Elmevik og Svante Strandberg. Uppsala, s. 129–140.
- Ulvang, Oddvar. Norske skipsnavn. Systemorientert navngiving. *Håløysminne* 23, s. 203–212.
- Utne, Ivar. Fornavn i Onsøy før. *Varden* (utg. av Onsøy Historielag) 38, s. 47–49.
- . Hvordan folk flest fikk etternavn i Norge. *Hedmark slektshistorielags tidsskrift* 1/2010, s. 23–28.
- . [Melding av] Birger Sivertsen: *Norrøn navnebok*. Oslo 2009. *Namn og Nemne* 27, s. 118–123.
- Veka, Olav. Ein defekt i norsk rettskriving II. *Heim, Him eller Hiim? Nytt om namn* 51, s. 7–9.
- . 646 *Kittelsen*, men ingen *Kjetilsen* – om forholdet mellom mannsnamn og patronym. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 133–137.
- . Namn i Varteig. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 9. Varteig*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo 2010. *Nytt om namn* 51, s. 40–41.
- . Tørst og Barbeint. [Omtale av] Mona M. Hejer Holst Ystehede: *Tørst og Barbeint. En studie av navn premiært av Språkrådet*. Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2010. *Nytt om namn* 51, s. 53–54.
- . Venneskrift om namn og ord, særleg knytte til sjø og vatn. [Melding av] *Från sjö till hav. Namn- och ordstudier tillägnade Birgit Falck-Kjällquist*. Red. Maria Löfdahl, Fredrik Skott og Lena Wenner. Utg. av

- Institutet för språk og folkminnen. Göteborg 2010. *Nytt om namn* 52, s. 56–57.
- Vevle, Odd. Botanisk nomenklatur og folketradisjonelle plantenemningar. Ei påminning om etnobotanikk som møtepunkt for natur- og kulturdaning. *Namn og Nemne* 27, s. 73–90.
- Vikstrand, Per. Magnus Olsen som sakralnamnsforskarer. *Namn og Nemne* 27, s. 29–46.
- Wiggen, Geirr. Bakvendte personnavn. *Studia anthroponymica Scandinavica* 28, s. 107–130.
- Wikstrøm, Solveig. *Oslo byleksikon* i ny utgåve. [Melding av] *Oslo byleksikon*. 5. utg. Red. Knut Are Tvedt. Oslo 2010. *Nytt om namn* 52, s. 63–65.
- Windt-Val, Benedicta. «Men han het Edvard...». *Navn og navnebruk i Sigrid Undsets forfatterskap*. Avhandling for graden ph.d., Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo. 465 s.

2007 – tillegg

- Særheim, Inge. Official urban naming: cultural heritage and identity. *Onoma* 42, s. 171–187.

2008 – tillegg

- Stemshaug, Ola. Bilnamn på Nordmøre. *Årbok for Nordmøre* 2008, s. 28–37.
- . Gatenamn i Trøndelag. [Kronikk i] *Adresseavisen* 25. juli 2008, s. 35.
- . Namnet på byen Trondheim. [Kronikk i] *Adresseavisen* 11. juni 2008, s. 35.

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: kristoffer.kruken@iln.uio.no.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

www.norsknamelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **gunnstein.akselberg@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

www.uib.no/fg/namnegransking

Statens kartverk har denne heimesida:

www.statkart.no

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

www.norgeskart.no

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **<http://nfi.ku.dk>**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi**/*svenska*, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/servlet/GetDoc?meta_id=1053**,

www.lantmateriet.se

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

www.icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**